

Framlegg til dagorden og sakliste for det 6. ordinære fylkesårsmøtet i Vestland SV

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV – Sosialistisk Venstreparti

Laurdag 10. februar 2024

Registrering

10:00 **Opning** Velkomen til fylkesårsmøte ved fylkesleiar Hege Lothe.

10:15 **Sak 1 Konstituering** Godkjenning av innkalling og dagsorden m.m

10:45 **Formøter**

Kvinneformøte ved Kristin Hartvedt

Manneformøte ved Kerim Nisancioglu

Alternativt formøte ved Hlin-Såga Kyrkjøy

11:15 – 11:30 Pause

11:30 **Den politiske situasjonen** Innleiing ved stortingsrepresentant Audun

Lysbakken - Debatt.

12.30- 13:30 Lønsj.

13.30 **Sak 2 Fråsegner** Presentasjon av innstilling ved fylkesstyret - Debatt

15.00 - 15:15 Pause

15:15 Frist for endringsforslag til sak 2: fråsegner

15.15 **Sak 3 Årsmelding** presentasjon ved fylkesleiar Hege Lothe og

fylkestingsgruppa ved Marthe Hammer - Debatt.

15.45 **Sak 4 Rekneskap:** presentasjon ved Sara Bell

16.00 **Sak 5 Arbeidsplan** presentasjon ved Jonas Aleksander Foldnes – Debatt.

16.45 - 17:00 Pause.

17.00 Frist for å levere endringsframlegg til arbeidsplan.

17.00 **Sak 6 Budsjett** presentasjon ved Sara Bell. Debatt.

17.30 Frist for å levere endringsframlegg til budsjett.

17.30 **Sak 7 Val og sak 8 Mandat for nominasjonsnemndene og nominasjonsprosess**

Endringsframlegg må fremjast i debatten innan strek er satt.

- Presentasjon av framlegg til nytt fylkesstyre, revisorar og landsstyrerepresentantar med varaliste ved leiar i valnemnda Veronicka Ruud.
- Presentasjon av framlegg til ny valnemnd ved Silje Nordtvedt Olsen.
- Presentasjon av framlegg til nominasjonsnemnder for Hordaland og Sogn og Fjordane ved Hege Lothe.
- Presentasjon av framlegg til mandat for nominasjonsnemnder og nominasjonsprosess, presentert ved Hege Lothe.
- Debatt

Frist for endringsforslag: Innan strek er sett i debatten.

18:30 **Ferdig for dagen**

20.00 **Middag på Wesselstuen (OBS! Møt presis!)**

Søndag 11. februar 2024

10.00 **Votering** i sak 2 Fråsegner.

11.00 **Votering** i sak 5 Arbeidsplan, sak 6 budsjett og sak 8 mandat for nominasjonsnemndene og nominasjonsprosessen

11.45 **Praktisk info med fylkeskontoret** ved Aslak Owren og Sigrid Sandal

12.00 **Plenum og parallelle spor**

Oppfølging av folkevalde i kommunane ved Vibeke Johnsen

Det er i utvala det skjer! Om utvalsarbeid ved Jens Revold og Kristin Hartvedt

Kva saker vert viktige på fylkestinget ved Marthe Hammer.

13.00 - 13:15 Pause.

13.15 **Votering** i sak 7 Val

- val av fylkesstyre, revisorar og landsstyrerepresentantar med varaliste
- val av ny valnemnd
- val av nominasjonsnemndene

13.45 **Avslutning og heving av møtet**

14:00 Lønsj.

14:30 - 15:00 avreise

14.30 Kort møte for det nye fylkesstyret + vi tek bilete.

Saksliste for fylkesårsmøtet

Sak 1: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Kontinuering

Sak 2: Fråsegner

Sak 3: Årsmelding frå Vestland SV og fylkestingsgruppa

Sak 4: Rekneskap 2023

Sak 5: Framlegg til arbeidsplan

Sak 6: Framlegg til budsjett

Sak 7: Val av fylkesstyre, revisorar, valnemnd og landsstyrerepresentantar med vara og ei nominasjonsnemnd for Hordaland og ei nominasjonsnemnd for Sogn og Fjordane

Sak 8: Mandat for nominasjonsnemndene og tidsplan for nominasjonsprosessen

Sak 1: Konstituering

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

Ordstyrarar

- Vibeke Johnsen, Sogndal
- Tom Christian Axelsen, Bergen
- Hilde Hildal Hauglid, Stord
- Augusta Moen Opsahl, Bergen

Referentar/skrivarar

- Aslak Owren, Bergen (tilsett)
- Audun Syltevik, Bergen
- Kristin Hartvedt, Bergen

Protokollunderskrivarar

Framlegg kjem i møtet.

Redaksjonsnemnd for fråsegner

- Alexander Papas, Bergen (leiar)
- Silje Nordtveit Olsen, Kvinnherad
- Jarle Brattespe, Bergen
- Tea Volle, Høyanger
- Hlin-Såga Kyrkjeøy (SU)

Redaksjonsnemnd for arbeidsplan, budsjett og mandat for nominasjonsnemndene og nominasjonsprosess

- Håvard Skattum, Voss (leiar)
- Jonas Aleksander Foldnes, Øygarden
- Siv Emdal, Stad
- Mari Svartveit Hansen, Ullensvang
- Sondre Eide Abrahamsen (SU)

Sak 1: Framlegg til forretningsorden

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

a) Talerett, møterett m.m.

- Utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret og Vestland SU har fulle rettar på årsmøtet (tale-, framleggs- og røysterett). Fylkesstyret har ikkje røysterett i saker som gjeld rekneskap.
- Alle lokallag har 1 utsending. Laga får deretter 1 utsending for kvar påbyrja 30 medlemmer. Det sentrale medlemsregisteret til SV den 31.12 året før fylkesårsmøtet vert lagt til grunn for utrekninga. Ingen lag kan likevel ha meir enn 40 % av det samla talet på moglege delegatar frå lokallaga.
- Vestland Sosialistisk Ungdom kan møte med inntil 10 representantar med fulle rettar.
- Fylkesårsmøtet er elles ope for alle medlemmer i fylkespartiet. Fylkesårsmøtet kan i kvart enkelt høve tildele talerett.
- Utsendingar som forlét møtet må søkje om permisjon. Har ein vara må ein gje namnet på denne.

b) Framlegg og framleggsfristar

- Frist for framlegg til endring av vedtektene var 26. januar.
- Frist for innlevering av framlegg til fråsegner var 31. januar. Før fråsegnordskiftet blir det røysta over kva fråsegner fylkesårsmøtet ynskjer å handsame.
- Frist for å endringsframlegg til arbeidsplan, opplegg for nominasjonsarbeidet, budsjett og fråsegner er når sakene er avslutta i salen.
- Frist for framlegg til val er ved møteslutt laurdag.
- Alle framlegg på årsmøtet skal leverast i GoPlenum.
- Framlegg i andre saker om til dømes forretningsorden og konstituering må fremjast i det saka er oppe til handsaming.
- For at ei ny sak skal kunne handsamast på årsmøtet må 2/3 av delegatane vere samd i at den skal handsamast.

c) Innlegg og taletid

- Møtedeltakarane ber om innlegg via GoPlenum.
- Under alle punkt på dagsorden har møtedeltakarane med talerett rett på to innlegg, eit innlegg på inntil 3 min. (1. innlegg) og 2 min. (2. innlegg). Det vert

også opna for ein replikk, og ein svarreplikk per innlegg, på maksimalt 1 minutt kvar. Alle som ikkje har norsk som morsmål, kan be om 1 minutt ekstra.

d) Røysting

- Framlegg må ha simpelt fleirtal for å verta vedtekne. Når eit framlegg når meir enn simpelt fleirtal kan røystinga avslutte. Ordstyrar vurderer om røysting kan skje fysisk eller via GoPlenum. Det er eigne røystereglar for vedtekter.
- Om det i personval blir likt røystetal blir det røysta ein gong til. Deretter vert det loddtrekking om det framleis er likt røystetal.
- Ved personval skal det vere hemmeleg røysting dersom ein av utsendingane / røysteføre krev det.

Handsaming av innkomne framlegg til fråsegner

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV – Sosialistisk Venstreparti

Nr.	Tittel	Innsendar	Handsaming
F1	Beskytt kvinner – omvendt voldsalarm nå!	Bergen SV og Kvinnepolitisk utval i Vestland SV	Til handsaming.
F2	Omvendt voldsalarm	Stad SV	Avvisast til fordel for F1.
F3	Omvendt valdsalarm	Sogndal SV	Avvisast til fordel for F1.
F4	Bybanen i Bergen står ved en skilleveg!	Miljøpolitisk utval i Vestland SV	Til handsaming.
F5	Vern om norsk natur	Bergen SV og Miljøpolitisk utval i Vestland SV	Til handsaming.
F6	Ressurs- og naturforvaltning i norsk natur	Stad SV	Avvisast til fordel for F5.
F7	Jerven har en naturlig plass på Hardangervidda	Bergen SV og Miljøpolitisk utval i Vestland SV	Til handsaming.
F8	Til kamp mot negativ sosial kontroll!	Alexander Papas, fylkestingsrepresentant	Til handsaming.
F9	Behandlingstilbod innan rus og psykiatri	Sunnfjord SV	Til handsaming.
F10	Gratis tannregulering nå	Marthe Hammer, gruppeleiar fylkestinget	Til handsaming.
F11	Rettferdige og miljøvennlige energipriser	Bergen SV og Miljøpolitisk utval i Vestland SV	Til handsaming.

Nr.	Tittel	Innsendar	Handsaming
F12	Varmepumper, bergvarme, fjordvarme og energilagring	Bergen SV og Miljøpolitisk utval i Vestland SV	Til handsaming.
F13	Doble støtta til Noradapt	Sogndal SV	Avvisast. Har vore til handsaming i Landsstyret.
F14	ICAN - forbod mot atomvåpen	Sogndal SV	Til handsaming.
F15	Vatn- og avløpsavgiftene stig urovekkande i mange kommuner	Stord SV	Oversendast til Miljøpolitisk utval i Vestland SV.
F16	Prioriter K5 – Ny veg og bane Arna-Stanghelle	Vaksdal SV	Til handsaming.
F17	Start bygging av ny jernbane og rassikker veg – stopp Hordfast!	Marthe Hammer, gruppeleiar fylkestinget	Avvisast til fordel for F16.
F18	Anerkjenn Palestina no!	Lærdal SV	Til handsaming.
F19	Fredsinitiativ	Stord SV	Avvisast til fordel for F18.
F20	Stans den israelske staten sitt vanvidd – Vestland SV i solidaritet med Gaza.	Styret i Vestland SV	Til handsaming.
F21	Vestland SV i solidaritet med folket i Gaza	Askvoll SV	Avvisast til fordel for F20.
F22	Stans den israelske staten sitt vanvidd – Ullensvang SV i solidaritet med Gaza	Ullensvang SV	Avvisast til fordel for F20.

F01: Beskytt kvinner – omvendt voldsalarm nå!

Framleggsstillar: Bergen SV og Kvinnepolitisk utval i Vestland SV

Innstilling frå fylkesstyret: Til handsaming.

Partnerdrap utgjør en fjerdedel av alle drap i Norge, og kvinner er klart mest utsatt. I syv av ti partnerdrap har det vært registrert partnervold før drapet. I 2022 gjorde Riksrevisjonen en gjennomgang av myndighetenes arbeid mot vold i nære relasjoner. Den viste at oppklaringsprosenten går ned, saksbehandlingstiden er for lang, og at oppfølgingen av voldsalarmer og besøksforbud er utilstrekkelig.

Selv om Norge har relativt lave drapstall, hadde vi i 2023 de høyeste tallene på 10 år. Én av fire drap i Norge er partnerdrap, og i nesten alle tilfellene har de utsatte varslet om partnervold tidligere. De fleste sakene er altså kjent for politiet, men likevel skjer det uakseptable handlinger. Kvinner som blir drept av sine partnere har ikke bare varslet om vold, men er ofte blitt mistrodd når de har forsøkt å si ifra. Politiets manglende oppfølging er livsfarlig. Vi ser nå en enorm økning i antall anmeldelser, men politiet sliter med å etterforske og løse sakene. Antallet saker som når domstolene har heller ikke økt. Dette er en betydelig utfordring. Vestland SV ønsker en endring i etterforskningen av slike saker.

Siden 2013 har norsk rett hatt muligheten til å pålegge omvendt voldsalarm for personer med kontaktforbud. Påtalemyndighetene har søkt om dette i 232 saker, men bare fått innvilget det i 105 av dem. I 2022 ble myndighetene kritisert av Riksrevisjonen for mangelfull innsats i kampen mot vold i nære relasjoner. Vestland SV krever at vold i nære relasjoner blir satt på dagsorden. Vi må lytte til kvinner, ta kvinner på alvor når de rapporterer vold. Bruk av omvendt voldsalarm må økes, og det må bli lavere terskel for å pålegge omvendt voldsalarm (OVA).

I dag er det slik at det er domstolene som bestemmer om noen skal idømmes OVA. Terskelen er høy. Selv i saker hvor politiet har kunnet bevise grov mishandling og kvinnen er slått halvt i hjel, har domstolen sagt nei. Det kan virke som om prinsippet om personlig frihet for voldelige menn, er viktigere enn dem de utsetter for vold.

Vestland SV skal være en klar og tydelig stemme i kampen mot vold i nære relasjoner. Stillhet og passivitet dreper. Vi krever at Stortinget innfører lavere terskel for bruk av OVA.

Vestland SV vil:

- Øke og utvide bruken av omvendt voldsalarm for å sikre trygghet, bolig og hindre voldsutøvere i å nærme seg trusselutsatte personer.
- Kreve at Stortinget innfører en lavere terskel for bruk av omvendt voldsalarm (OVA) for å bedre beskytte voldsutsatte og forebygge vold i nære relasjoner.

- 38 • Opprettholde et krisesenter i kommunal regi og styrke krisesenterets økonomi
39 for å sikre tilstrekkelig støtte til voldsutsatte.
- 40 • Øke kompetansen i kommunen for å avdekke og bekjempe sosial kontroll,
41 seksuell trakassering og seksuelle overgrep gjennom opplæring og
42 bevisstgjøring.
- 43 • Jobbe sammen med politiet for å sikre at de aktivt følger opp kvinner som har
44 vært utsatt for vold og gir dem den nødvendige beskyttelsen og støtten de
45 trenger.
- 46 • Styrke innsatsen mot vold mot kvinner og barn, vold i nære relasjoner, voldtekt
47 og seksuell trakassering hos politiet ved å øke ressursene og kompetansen på
48 dette området.

F2: Omvendt valdsalarm

Framleggsstillar: Stad SV

Innstilling fylkesstyret: Avvisast til fordel for F1.

Den første nasjonale handlingsplanen mot vald vart lansert i 2000. Så tidleg som i 2003 kom det framlegg om å ta i bruk omvendt valdsalarm. 10 år seinare, i 2013 vart ordninga vedteken, men den har blitt svært lite brukt. Sidan ordninga vart innført, har påtalemyndigheten bedt om omvendt valdsalarm i 232 saker. Det er blitt innvilga i 105 av sakene (NRK)

I desember 2023 vedtok stortinget fleire lovendringar som skal gjere det lettare å gjennomføre bruk av omvendt valdsalarm, men lovendringa trer ikkje i kraft før 1. juli i år.

Rundt 2000 personar i Norge har valdsalarm i dag. Ved den mest brukte valdsalarmen er det den valdsutsette sjølv som må trykke på knappen for å varsle politiet som kan rykke ut. Det vil uansett ta noko tid og mykje kan skje før politiet kjem fram. Ved å gjere det på denne måten er det den valdsutsette sjølv som til ei kvar tid må vere i alarmberedskap og vurdere mogelege trusselsituasjonar som kan oppstå. Dette meiner SV fører til ei heilt urimeleg belastning for den valdsutsette. Det gjev heller ikkje tilstrekkeleg tryggleik. Dei mange partnardrapa dei siste åra viser dette.

Sidan år 2000 er 182 kvinner og 20 menn drepne, der partnaren er sikta eller dømt for drapet. Mange av desse hadde bedt om hjelp i forkant. Det viser at tiltaka som er gjort for å hindre vald i nære relasjonar ikkje er gode nok. Vi må ta vald mot kvinner på alvor og setje i vert tiltak som er effektive. Omvendt valdsalarm har vist seg å vere effektivt.

Omvendt valdsalarm er ei tiltak for å kontrollere at ein person som har fått forbod mot å opphalde seg på eit område overheld forbodet. Den som vert ilagt tiltaket må bere fotlenke og det vert sendt varsel frå fotlenka til politiet dersom personen kjem inn området han/ho har forbod mot å opphalde seg i.

Det er på tide at det norske rettsvesenet set valdsutsette sin tryggleik i fokus og legg byrda på dei som utøver vold. Berre på denne måten kan vi hindre at mange kvinner også i framtida må leve i frykt og risikere å bli drept av partner eller tidlegare partner.

Vern valdsutsette kvinner – Auk bruken av omvendt valdsalarm.

F3: Omvendt valdsalarm

Framleggsstillar: Sogndal SV

Innstilling fylkesstyret: Avvisast til fordel for F1.

Vestland SV krev raskare iverksetjing av dei nye reglane for omvendt valdsalarm.

Stortinget har vedteke nye reglar for bruk av omvendt valdsalarm. Regjeringa legg opp til at det skal ta eit halvt år før dei nye reglane tek til å gjelde. Vestland SV kan ikkje forstå kvifor regjeringa vil vente så lenge med å setje i verk eit lovverk som er på plass, og som kan redde liv. Det er særleg vanskeleg å forstå dette sett i lys av dei hendingane som nyleg har skjedd med tragiske utfall for kvinner som var utsette for vald. Vestland SV meiner det er svært alvorleg at me ikkje klarer å sikre utsette kvinner betre enn det me gjer i Noreg i dag.

Vestland SV vil utfordre dei andre politiske partia i fylket til å slutte seg til ei oppmoding til regjeringa om å få fortgang i arbeidet med opptrappingsplanen som dei kom med før jul, og som mellom anna skal leggje til rette for bruken av omvendt valdsalarm. Det hastar for mange menneske som lever med trugsmål om vald å få sett i verk desse reglane!

F4: Bybanen i Bergen står ved en skilleveg!

Framleggsstillar: Miljøpolitisk utval i Vestland SV

Innstilling fylkesstyret: Til handsaming.

Bybanen til Åsane risikerer å havarere!

SV har vært en pådriver for å få bybanen på plass helt siden før starten i 2000. Det var den gang mye motstand, men i 2010 kom banen mellom sentrum og Nestun og senere med arm til Flesland og så Fyllingsdalen. Kritikken stilnet og det store flertallet av bergensere ser i dag fordelene. Fra starten i 2010 til 2023 er trafikk tallene økt fra 2.9 mill reisende til 24.3 Sammen med Bybanen kommer til bolig og næringsetablering, sykkelstier og annen viktig infrastruktur anlegges. Kort sagt, mange positive ting følger i Bybanens fotspor.

Den neste viktig armen, forlengelsen til Åsane, ble så vedtatt med trase langs bryggen i desember 2021, med knapt flertall. Også denne gang var det mange motstandere, noen negative til banen, andre for å legge denne i tunnel. Siste prisanslag er på 21 milliarder kroner. Tunnelalternativet har et anslag på ytterligere 2.3 mrd kroner mer. Drifts/vedlikeholdskostnadene anslås 60-100 mill kroner mer pr år over en 20 årsperiode mao. 1.2 til 2 mrd kr ekstra (Nordconsult sept 2021). Samlet mao. 3.5 til 4.3 mrd kr mer. Inflasjonsjusteres tallene på samme måte som for bryggealternativet økes dette til henholdsvis 5.3 og 6.5 mrd kroner.

En økning på opp mot 30 % for tunnelalternativet i forhold til bryggealternativet er formidabelt!

Når vi så spør oss om brukervennligheten, eller hvem bybanen er for, så er det klart at den gode tilgjengeligheten er banens styrke. Det å putte banen inn i en tunnel langt inne i fjellet gir dårligere adkomst og dermed mindre bruk. Den eneste lille fordel med tunnelalternativet er en litt raskere bane, anslått til 5,5 min mellom sentrum og Sandviken mot 6.5 min for det vedtatte bryggen-alternativet.

Forskjellene i favør av bryggen-alternativet er såpass stort at vi tenker at det ikke er andre motiver for snuoperasjonen enn en best mulig bane.

I koalisjonen som nå styrer byen har vi en sterk gruppering i fra Frp som har vært mot bybanen fra dag en. Frp har buss som alternativ og vi er overbeviste om at mange i

36 denne grupperingen foretrekker at biltrafikken skal fortsette å dundre over bryggen i
37 årene framover. SP har vært splittet, men tunnelfløyen ser ut til å ha seiret, kanskje
38 med samme argument som Frp. Bergenslisten består også av gamle
39 tunnelforkjempere, som enten vil ha biltrafikken som tidligere eller ikke, uansett må
40 banen i tunnel.

41 Det at det nå skal gjøres en ny utredning er primært for å støtte opp under
42 tunnelalternativet, men å se for seg at dette skulle kunne bli billigere er svært lite
43 realistisk.

44

45 Husk at de som avgjør banens er ikke bergenserne og bystyrepolitikerne. Avgjørelsen
46 ligger på bordet i Vestland fylkeskommune og Miljø og transportkomiteen i Stortinget.
47 Er det trolig at flertallet på disse nivåene vil godta en dårligere og 30% dyrere bybane
48 i Bergen, i konkurranse med en masse andre samferdselsprosjekter i landet?

49

50 Grunnen til at bybanen til Åsane nå står i fare er Christine Meyers og Bergen Høyres
51 spektakulære løftebrudd. Å selge framtidsutsiktene til bybanen til Åsane for politiske
52 posisjoner er et av de fremste eksemplene på den skadelige politikken Høyre vil føre
53 for byen vår. Det er også helt i utakt med hva bergenserne faktisk mener, hvor to
54 tredjedeler av dem som har en mening er mot Høyres omkamp. Det finnes ingen
55 realisme i at tunnelalternativ er gjennomførbart, og i hvert fall ikke at det blir billigere
56 enn den vedtatte traséen langs Bryggen. Samarbeidet som Høyre har valgt å stille
57 seg i front for er ikke et samarbeid for bybanetunnel, det er et samarbeid mot
58 bybanen.

59

60 Tiden for omkamper må nå være over, og banen til Åsane bygges i vedtatt trasé til
61 det beste for bergenserne, byutviklingen, klima og miljø.

F5: Vern om norsk natur

Framleggsstillar: Bergen SV

Innstilling fylkesstyret: Til handsaming.

Det foregår en omfattende nedbygging av norsk natur. NRK har dokumentert 44.000 inngrep i naturen i Norge de siste fem årene. Dette skjer med velsignelse fra kommuner, fylkeskommuner og staten, til tross for advarsler om konsekvensene fra fagfolk og eksperter.

Dette er omfattende, og vi snakker om millioner av kvadratmetere. Beiteområder, matjord, skog, myr, fjell, fjord og hav blir hele tiden truet av våre inngrep. Norsk gammelskog har viktige økosystemer som er truet og utgjør kun 2,4% av norsk skog. 2.752 arter er truet av utryddelse i Norge på grunn av våre inngrep i naturen.

I mange saker blir det benyttet dispensasjoner for å innvilge bygging av veier, boliger, hytter, industri og næring. Utbyggingen skjer da gjerne i områder vi egentlig har sagt at vi ikke vil gjøre inngrep. Utstrakt bruk av dispensasjoner i enkeltsaker gjør at det er vanskelig å ha oversikt på omfang og konsekvenser.

Vi står overfor mange utfordringer i Bergen og andre deler av Vestland med sikte på ulovlig utkjøring og lagring av masser. Iflg. NFN (Forum for natur og friluftsliv) er en enorm mengde masser deponert langs skogsbilveier på Fanafjellet og i Åsane. Moderne bolig og næringsbygging skaper masser med til dels giftig innhold som må deponeres forsvarlig. Her er det store svakheter i dagens situasjon!

Den samme argumentasjonen går ofte igjen når inngrep er ønsket; vi trenger vekst, bedre økonomi, flere arbeidsplasser, hindre fraflytting, osv.

Dette er argumentasjon som gjelder mange steder, og er derfor egentlig ikke et egnet grunnlag for å gi disposisjoner og unntak. Og hvem er det egentlig som tjener på disse inngrepene? Ofte er det noen få som sitter igjen med en stor økonomisk gevinst. Men det kan også gi mange goder til samfunnet og bidra til nødvendig utvikling. Men det er uansett alltid naturen som taper, og på ett eller annet tidspunkt er det for sent å gjøre noe.

Vi trenger naturen for å ha en fremtid.

Vestland SV mener:

- Vi trenger et lovverk som i bedre grad verner om norsk natur og samtidig øke innstasen i vern av naturområder til lands og til havs.

- 35 • Vi må sikre bærekraftig arealpolitikk i kommunene. Naturen trenger bedre
36 beskyttelse i kommunenes planarbeid for å hindre inngrep. Bruk av
37 dispensasjoner i byggesaker o.l. må begrenses kraftig.
- 38 • Det må etableres et nasjonalt system som gir oversikt av inngrep i naturen.
39 Systemet bør også inneholde byggesaker o.l. som er under planlegging og
40 behandling. Dette kan bli et viktig verktøy for at offentlige beslutningstakere
41 får en samlet oversikt på omfanget av inngrep regionalt og nasjonalt.

F6: Ressurs- og naturforvaltning i norsk natur

Framleggsstillar: Stad SV

Innstilling fylkesstyret: Avvisast til fordel for F5.

- **Stad SV vil ha på plass eit betre lovverk om ressurs- og naturforvaltning. Der utviklinga fremjar natur,-dyreliv, -og menneske, på ein slik måte at vi får berekraftige oppvekst,- og leveområde for alle artar.**

I det siste har media sett stort fokus på natur og nedbygging av verdifull natur. Omgrepet verdikrise har blitt dratt fram for det som skjer i Norge. Kven avgjer at verdifull natur kan takast i bruk for industriell vekst? Slik det er i dag, er det opptil dei enkelte kommunar å gjere vedtak i arealbruken, og då gjerne med tanke på industriell vekst. Men vert dei beste avgjerdene tatt når fokuset er kapitalistisk industriell vekst?

Livet på jorda er unikt, og dei aller fleste livsformer lever i symbiose med ein eller fleire andre livsformer. Vi som har satt oss sjølv til å stå for forvaltning av natur og miljø har satt oss sjølv øvst på stigen. Mindre verdifulle livsformer må vike i nær sagt alle saker. Men veit vi godt nok om det som skjer når artar forsvinn fordi leveområda vart tatt til hyttebygging, industri og byggefelt? Vi veit noko, men føre var prinsippet som tidlegare vart brukt, er dei seinare åra delvis forsvunne, og følgjene blir tap av artsmangfald og natur.

Dei siste sytti åra har det skjedd ei enorm forvandling av store naturområde. Industrien tar stadig meir plass, og landskapsbiletet forandrar seg så fort at nye generasjonar ikkje veit korleis landskapsbiletet var. Det som burde vere økosystem basert forvaltning, har blitt økosystem forvandling.

SV ser med stort alvor på det som skjer, og vil vere med å stoppe utbyggingar i verdifull natur. Gamle skogar og myrer som gir liv til tusenvis av artar er to områder som kommunar ikkje bør ha råderett over åleine. Strandsone, elvar og bekkar likeins. Livet i fjordar og nære havområde er også områder som er under sterkt press og i tilbakegang. Skal vi tilby neste generasjon eit land fullt av ulike livsformer og ein natur i vekst må vi ta grep no.

F7: Jerven har en naturlig plass på Hardangervidda

Framleggsstillar: Bergen SV og Miljøpolitisk utval i Vestland SV

Innstilling fylkesstyret: Til handsaming.

Stortingsflertallet har satt veldig lave tak for våre rovdyrbestander. I stor grad har det politiske flertallet sett bort fra både vårt internasjonalt ansvar for biologisk mangfold og de store rovdyras økologiske rolle. Ikke en gang i nasjonalparkene våre kan de store rovdyra føle seg trygge. F.eks. har ikke jerven fått etablere seg på Hardangervidda. I et intakt økosystem på fjellet er det et nært forhold mellom villrein, jerv og fjellrev. Fjellreven har norske myndigheter gjort alt for å hjelpe. Den er ukontroversiell, og stor innsats er gjort, blant annet med avl og utsetting – også på Hardangervidda. Men med jerven er det annerledes. Den er ikke ønsket fordi den kan skape problemer for beitenæringen.

Samtidig trues villreinen på Vidda, Europas største enkeltbestand, fra flere kanter. Det er en kjent sak at sykdommer som fotråte og skrantesjuka er alvorlige trusler. Flere biologer peker på at jerven ville hatt en svært positiv rolle for å holde disse sykdommene i sjakk. Den vil lettest ta syke dyr og fjerne døde dyr. På et vis er den fjellets renovatør. Fjellreven vil samtidig trekke veksler på jerven, og ta restene fra jervens bord.

Mot dette står Landbruksdepartementets og stortingsflertallets politikk med aktiv nedskyting av villreinsstammen – et uhyre kostbart og økologisk tvilsomt prosjekt. Her får vi altså en prosess der helikoptere, maskiner og skyttere brukes i et storskala drap på reinstammen i nasjonalparken, noe som igjen kan settes opp mot den mer naturlige og billige løsningen. Budsjettall viser at nedskytingen/kontrolltiltakene har kostet flere titalls millioner kroner i årene nedskytinga har pågått.

Vestland SV vil arbeide for at jerven kan få etablere seg med noen ynglinger på Hardangervidda for igjen å få et intakt økosystem i nasjonalparken. Dersom gode krefter virkelig ønsker dette, bør eventuelle problemer for beitenæringen kunne løses, med soneringer, tidligere nedsanking, rause tilskudd osv.

F8: Til kamp mot negativ sosial kontroll!

Framleggsstillar: Alexander Papas, fylkestingsrepresentant for Vestland SV

Innstilling fylkesstyret: Til handsaming.

Noreg er eit godt land å leva i. Det er fordi modige krefter over lang tid har stått på i kampen for fridom, likeverd og mangfald. Sosialistisk Venstreparti har i heile partiet si historie, vore aktive i denne kampen, og mellom anna kjempa for likestilling, skeiv frigjering og vern av minoritetar. Gjennomslaga har ikkje komme av seg sjølv, men har hatt mykje å seia for at Noreg i dag er eit ope samfunn der dei aller fleste kan leva liva sine i fridom.

Dei aller fleste, men ikkje alle.

For sjølv om den store majoriteten av oss kan leva trygge liv og vera oss sjølv, er det framleis fleire grupper som opplever negativ sosial kontroll. Dette er menneske som på systematisk vis, får fridomen og rettane sine krenka av ulike former for oppsyn, press, tvang og truslar. Dette gjer at folk i dette landet blir fråteke sjølvbestemming over eigen kropp, identitet og seksualitet, fridom til velja vennar, fritidsaktivitetar, religion, klesstil, utdanning, jobb, kjærast, ektefelle, og retten til å søkja helsehjelp.

Ferske tal frå *Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald*¹, viser at det offentlege aldri før har handert så mange saker som i 2023. I fjor gav Kompetanseteamet råd, rettleiing og hjelp i 1137 saker, noko som er ei auke på 28 % frå året før. Tala viser vidare at over 70 % av sakene gjaldt jenter/kvinner, over 50 % gjaldt mindreårige, nærare 40 % gjaldt truslar og vald, 20 % gjaldt ufrivillig opphald i utlandet, og over 10 % av sakene gjaldt frykt for tvangsekteskap. Samstundes blir det meldt om store mørketal. Det er ein urovekkjande, umenneskeleg og uholdbar situasjon.

Ingen er fri før alle er fri, seiest det. Derfor må SV og fleire gå til storstilt kamp mot negativ sosial kontroll. Ord må omsetjast til handling, og det må setjast i verk fleire målretta tiltak for å førebyggja og motverka negativ sosial kontroll.

Vestland SV vil at:

- alle kommunar skal arbeida fram handlingsplanar mot negativ sosial kontroll.

¹ *Rekordmange saker om tvangsekteskap, æresrelatert vald og negativ sosial kontroll i 2023*
<https://www.bufdir.no/aktuelt/rekordmange-saker-om-tvangsekteskap-aeresrelatert-vold-og-negativ-sosial-kontroll-i-2023/>

- 33 - alle vidaregåande skular skal ha minoritetsrådgjevarar.²
- 34 - alle som arbeider innan oppvekst, utdanning, og helse- og sosialfag, skal få
- 35 kompetanseheving om negativ sosial kontroll.
- 36 - krava til trus- og livssynsamfunn som mottek statleg støtte må skjerpast, og
- 37 støtta til trus- og livssynsamfunn som oppmodar til negativ sosial kontroll må
- 38 fjernast.
- 39 - kompetansetemaet og hjelpeapparatet skal styrkjast og synleggjerast meir.
- 40

² Minoritetsrådgjevarar <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/minoritetsradgjevarar/>

F9: Behandlingstilbod innan rus og psykiatri

Framleggsstillar: Sunnfjord SV

Innstilling fylkesstyret: Til handsaming.

Helse Førde har i ein innsparingsprosess foreslått å leggje ned døgntilbodet dei har på Tronvik i Høyanger. Tronvik har i dag 15 sengeplassar med døgntilbod for rus og psykiatrispasientar. Tillitsvald Bjørg Eli Nese ved Tronvik seier til Firda at nedbygging av tilbodet vil gje færre behandlingsmoglegheiter, og ei stor gruppe ruspasientar treng eit døgntilbod som strekker seg over fleire dagar og veker. Nedbygginga av sengeplassar inneberer ei overgang for fleire pasientar til poliklinisk behandling. Rus- og psykiatrispasientar er ei sårbar gruppe, og det vil være ein verdi for samfunnet å ha eit godt døgntilbod i regionen.

Liknande kutt ser ut til å vere føreslegne også andre stadar i landet når helseføretaka skal gjere innsparingar. Dette råkar sårbare grupper og mindre behandlingstilbod i distrikta. Temaet bør sjåast på i eit fylkes- og landsdekkande nivå, og det må sikrast at sårbare grupper får eit fullverdig tilbod og at kompetansemiljø får bestå.

F10: Gratis tannregulering nå!

Framleggsstillar: Marthe Hammer, gruppeleiar fylkestinget

Innstilling fylkesstyret: Til handsaming.

Barn i familier med lav inntekt har sjeldnere tannregulering enn barn fra høyinntektshusholdninger, viser ferske tall fra Statistisk sentralbyrå (SSB), kunne Bergens Tidende melde 22.januar 2024.

Dette er fordi at tannregulering er noe man må betale for. I dag har barn og unge under 18 år rett på tannbehandling etter tannhelsetjenesteloven § 1 – 3, og skal motta sin behandling uten å betale vederlag, i den offentlige tannhelsetjenesten (DOT). Som eneste unntak til dette har man kjeveortopedisk behandling, altså tannregulering. Denne behandles og finansieres etter folketrygdloven § 5 – 6, jfr. tannhelsetjenesteloven § 2 – 2. Etter folketrygdloven § 5 – 6 ytes det “stønad til dekning av utgifter til undersøkelse og behandling hos tannlege for sykdom.”, altså at man kan få dekket noe, alt etter hvor alvorlig det er, men det meste må man som foreldre betale selv.

Mesteparten av kjeveortopedisk behandling i Norge utføres av privatpraktiserende spesialister i kjeveortopedi uten avtale med fylkeskommunene, og det er i dag heller ingen prisregulering av kjeveortopedisk behandling.

Resultatene fra SSBs analyse fra 2012 til 2022 viser at bruk av tannregulering hos barn og unge avhenger av inntektsnivået til foreldrene. Mens 13,4 prosent av barn blant dem med lavest inntekt brukte tannregulering i perioden, var tilsvarende tall 20,5 prosent blant dem med høyest inntekt. Det betyr at barn i husholdninger med høyest inntekt bruker tannregulering omtrent 50 prosent mer enn barn i husholdninger med lavest inntekt.

Mange barn og unge med behov for tannregulering må i tillegg reise langt for å få behandling, og en del av dem trenger reisefølge. Og selv om reiser i forbindelse med behandling hos kjeveortoped dekkes av Pasientreiser, så vil det for mange være snakk om å miste en hel arbeidsdag. I vårt fylke har man for eksempel i perioder ikke hatt kjeveortoped i større tettsteder som Sogndal og mange har da dratt så langt som til Bergen for å gå til tannregulering. I tillegg til å gjøre tannregulering gratis, bør vi også gjøre det tilgjengelig for barn og unge i hele fylket. Da trenger vi ikke bare prisregulering og gratis tannregulering, da trenger vi også å ta tannregulering inn som en del av den offentlige tannhelsetjenesten. SV mener derfor vi allerede nå bør sette i gang en pilot i Vestland med kjeveortopedi i fylkeskommunal regi.

På denne måten kan vi både sikre mer tilgjengelighet, vi bygger større fagmiljø og vi kan gjøre det gratis og tilgjengelig slik at alle barn kan få tannregulering når de trenger det.

F11: Rettferdige og miljøvennlige energipriser

Framleggsstillar: Bergen SV og Miljøpolitisk utval i Vestland SV

Innstilling fylkesstyret: Til handsaming.

Når vi skal gjennom det grønne skiftet og all fossil energi skal fases ut, vil behovet for fornybar energi stige betraktelig. Men all energiproduksjon har natur- og miljøskadelige konsekvenser, og energi er i praksis en begrenset ressurs. Samtidig sløses det mye med energi, som med andre ressurser, i den kapitalistiske økonomien. Sterke krefter ønsker uhemmet utbygging av ny energi.

Tilkoblingen gjennom nye kraftkabler til EU og Storbritannia samt manglende regulering av strømmarkedet har gjort strømprisene i Norge uforutsigbare og i lange perioder svært høye. Det er sannsynlig at denne situasjonen vil fortsette i årene framover. Samtidig rår frustrasjonen i breie lag av folket over at politikerne ikke vil ta kontroll over strømprisene, og kravet om makspris har fått mye oppslutning.

Men lav makspris på strøm er en dårlig løsning - først og fremst fordi en slik ordning ikke gir noen stimulans til energiøkonomisering, som er helt avgjørende i dagens situasjon. Den raskest tilgjengelige, mest miljøvennlige og billigste energien, er den energien vi ikke bruker. Potensialet for å frigjøre energi gjennom energiøkonomisering er stort.

Forutsigbar høyere pris vil dramatisk øke investeringene i energiøkonomisering. Det krever at politikerne tar tilbake kontrollen over krafta og strømprisene. Det kan gjøre storskala energiutbygging i naturen overflødig. Men høy strømpris er usosialt, spesielt i dagens situasjon, siden det rammer folk med dårlig råd hardest. En rettferdig og forståelig måte å organisere en strømkompensasjon på, er å gi alle i hvert prisområde en lik kompensasjon – enten per hode, eller per husstand. Vi kaller det gjerne Strømvavgift til Fordeling (SAF) eller Grønn Folkebonus. Da vil storforbrukere bare få kompensert litt av forbruket, mens småforbrukere kan få kompensert det meste av strømrregningen eller enda mer. Samtidig vil høy strømpris gi alle stimulans til å spare på strømmen, og til å investere i strømsparing. For selv om strømrregningen fortsatt vil være høy, vil ikke strømkompensasjonen til den enkelte forbruker bli redusert selv om hen klarer å spare strøm.

Et slikt SAF-prissystem må kombineres med langt mer omfattende og fleksible ordninger hos Enova, slik at støtte til enøktiltak blir prioritert til folk med kombinasjonen av dårlig råd og høye strømrregninger, og slik at den åpner for egeninnsats og gradvise enøk-tiltak.

Forutsigbar høyere strømpris vil samtidig også gjøre det lønnsomt å investere i mikro-strømprduksjon på de tusen tak, grunnvarme og så videre, til eget forbruk og til salg på nettet. Dette kan være et viktig tiltak i distriktpolitikken, for miljøvennlig og

39 desentralisert energiproduksjon. En omfattende satsing på mikroproduksjon på de
40 tusen tak sammen med solid styrking av enøktiltak er ingen stor økonomisk eller
41 miljømessig risiko, og dette vil redusere behovet for andre store, potensielt svært
42 naturødeleggende utbygginger av fornybar energi.

43 Dette foreslåtte SAF-systemet kan også gjennomføres under dagens markedssystem
44 med galopperende priser, der alle inntekter basert på forskjellen mellom markedspris
45 (i hvert prisområde og uten kompensasjon) og en politisk bestemt referansepris pr
46 kWh, fordeles likt pr. voksne innbygger (og kanskje halvparten til barn), evt. pr.
47 husstand.

48 Næringslivet, inkludert kraftkrevende industri, må få forutsigbare priser og langsiktige
49 avtaler som sikrer internasjonal konkurransedyktighet. Kanskje viktigst for dette, er at
50 det innføres internasjonal karbonprising gjennom COP-forhandlingene. Norge bør gå
51 foran gjennom innføring av Grønn folkebonus / KAF (Karbonavgift til fordeling)
52 nasjonalt. Men også kraftkrevende industri må utnytte energien mest mulig effektivt,
53 bl.a. ved å utnytte overskuddsvarmen.

54 I november kunne NRK vise at folk i Holmenkollen hadde fått mest i strømstøtte, og at
55 det er de som tjener mest og sparer minst har fått mest utbetalt. Det er derfor helt
56 avgjørende å jobbe videre med en rettferdig strømstøtteordning som gir insentiv til å
57 spare strøm og som er omfordelende. Verken dagens strømstøtte eller SV sitt
58 primære forslag om to-prissystem for strøm er på noen måte optimale og det er derfor
59 et sterkt behov for å utvikle en ny modell for en rettferdig og energieffektiv strømstøtte
60 ordning.

61 Energipolitikk er komplisert. Men Vestland SV mener forutsigbare strømpriser
62 kombinert med SAF/Grønn Folkebonus slik vi har skissert her, må tas opp til
63 diskusjon i hele partiet og sammenlignes med ulike 2-prismodeller for strøm med
64 rimelig pris på basisforbruk og høy pris på luksusforbruk. SVs alternativ bør sikre
65 både god stimulans til strømsparing og god effekt på fordeling, samtidig. Både folk
66 flest, naturen og klimaet trenger en effektiv og rettferdig politikk for pricing av energi
67 dersom det grønne skiftet skal vinne støtte i folket og bli gjennomført.

F12: Varmepumper, bergvarme, fjordvarme og energilagring

Framleggsstillar: Bergen SV og Miljøpolitisk utval i Vestland SV

Innstilling fylkesstyret: Til handsaming.

Varmepumper

Norge er allerede et foregangsland når det gjelder bruk av varmepumper. Varmepumpen flytter den varmeenergi fra en varmekilde (uteluft, grunnen, sjøen) til et bruksområde (innerom) via et kuldemedium. Varmepumpen drives av strøm og kan gi en faktor på 3-5, dvs. 1 kWh brukt gir kWh 3-5 kWh i oppvarmingseffekt. Mange varmepumper kan også kjøres motsatt vei, og vil da kjøle ned inneluft og transportere varmen ut.

Norsk varmepumpeforening er storfornøyd med SVs gjennomslag i statsbudsjettsforhandlingene for 2024: – SV og regjeringen viser at de tar strømpriskrisen og klimautfordringen på alvor ved å levere det beste budsjettet for energieffektivisering og lokal energiproduksjon noensinne.

Hvis vi fortsetter å satse på energieffektivisering, kan energibruken i norske bygg halveres, ifølge en ny forskningsrapport fra Sintef og Skanska. Gjennom å oppgradere energistandard ved nybygg og rehabilitering, og legge om til energieffektive varmepumper og solceller, kan strømforbruket kuttes med så mye som 13 TWh innen 2030 og hele 42 TWh innen 2050, tilsvarende hhv. ca. 10 og 30% av Norges årlige strømforbruk.

Varmekilder

Den vanligste typen varmepumper er luft-til-luft, der varmeenergi hentes fra uteluft. Disse er relativt billige, men har vesentlig redusert effekt når det er kaldt. Et mer robust alternativ er å hente varmen fra berggrunnen gjennom energibrønner. Brønnen bores ned på rundt 50-200 meter og gir stabil varmetilgang. Slike systemer har høyere investeringskostnader, men er mer effektive ved lave utetemperaturer og vil dermed lønne seg i løpet av omtrent 10-20 år, avhengig av elektrisitetspris.

Takket være Golfstrømmen er Norge særlig godt egnet for et tredje alternativ, nemlig fjordvarme. Samme teknologi som for bergbrønner kan da i prinsippet brukes selv om en der ikke får batterieffekten gjennom tilført varme. Imidlertid er sjøen et enormt

35 varmelager og som stadig tilføres ny varme fra sør. På plussiden her kan en også si
36 at investeringskostnadene er noe lavere.

37 **Energilagring**

38 Vestland SV mener vi kan gå enda lengre. Det vi omtaler ovenfor gjelder
39 energiproduksjonen. Alle vet at vi også har store behov for å lagre energien. Dette
40 kan skje gjennom ordinære batterier, vannkraftmagasiner, men også energibrønner.
41 Mange moderne bygg har slike, i Bergen blant annet på Høyskolebygget og Flesland
42 (Hotell Scandic). Fleslandsprosjektet har vært analysert av en faggruppe og viser
43 svært god lønnsomhet. I tillegg kommer at brønnene fungerer som sesonglagre
44 mellom sommer og vinter.

45 Solfangere egner seg godt i kombinasjon med energilagringsbrønner. Solcelle-anlegg
46 er svært viktige for å gi fornybar strøm til drift av varmepumpene. Disse produserer
47 best i sommerhalvåret og vil sammen med kjølebehovet i bygget bidra til opplagring
48 av energien som hentes ut om vinteren. Når vi vet at oppvarming av bygg står for ca
49 60% av energibehovet skjønner alle at en storstilt satsing her gir formidable gevinster.

50 -----

51 Vestland SV mener at varmepumpeteknologien og koblingene til solceller og
52 bergbrønner/fjordvarme har et enormt potensial og bør mye høyere på agendaen for
53 energien i det grønne skiftet. Konkret må det opprettes støtteordninger for
54 investeringskostnadene for å gjøre teknologien tilgjengelig for flest mulig. En mye
55 sterkere satsing her vil både produsere mer strøm, utnytte strømmen bedre og ikke
56 minst sørge for lagring mellom sommer og vinter!

F13: Doble støtta til Noradapt

Framleggsstillar: Sogndal SV

Innstilling fylkesstyret: Avvisast. Har vore til handsaming i Landsstyret.

Dei seinare åra har det vore meir ekstremvær, også i Noreg, og både tørke, flaumar, ras og skred har store kostnader for einskildpersonar og for samfunnet.

Årsmøtet i Vestland SV vil at løyvinga til Noradapt, nasjonalt senter for berekraftig klimatilpassing etablert 1 januar 2019, vert dobla. Ei styrking av Noradapt vil gje meir forskning, formidling og kursing i kommunane, og vil gjere samfunnet betre i stand til å klimatilpasse Noreg, samstundes om vi jobbar med klimakutt. Noradapt får midlar på kap 287, post 57 på KD sitt budsjett, grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt.

F14: ICAN - forbod mot atomvåpen

Framleggsstillar: Sogndal SV

Innstilling fylkestinget: Til handsaming.

Kommunane bør slutte seg til ICAN sitt globale opprop mot atomvåpen

I ei farlegare og meir uføreseieleg verd er tryggleik det viktigaste

- Scenario Vestland 2040

Ican Cities Appeal er eit globalt opprop der byar og lokalsamfunn viser støtte til FN sitt forbod mot atomvåpen. Traktaten som forbyr atomvåpen vart vedteken av eit stort fleirtal av FN sine medlemsland i juli 2017. Nobelkomiteen har anerkjent atomvåpenforbodet som eit viktig, kanskje avgjerande, skritt på vegen mot ei verd fri for atomvåpen. Noreg har så langt valt å gå i mot FN-fleirtalet og står utanfor denne viktige avtalen. Gjennom Ican Cities Appeal kan norske kommunar og lokalsamfunn bidra til å auke presset på nasjonale mynde for å bli del av forbodstraktaten

I Vestland fylkeskommune sitt framtidsscenario-arbeidet for Vestland 2040 har vi sett at eit mogleg framtidsscenario for Vestland er at vi i 2040 vil leve i ein region og eit Europa prega av større grad av motsetnad mellom folk og nasjonar, utryggleik og truslar. Når vi ser på verda rundt oss, ser vi at dette framtidsscenarioet allereie er høgst reelt. Vi opplever at krig, terror og alvorlege menneskerettsbrot preger både Europa og vårt næreste omland. I denne røynda er også trusselen knytt til atomvåpen høgst reell.

Med bakgrunn i dette vil Vestland SV på det sterkaste oppmode kommunane om å slutte seg til ICAN sitt globale opprop, der byar og lokalsamfunn viser støtte til FN sitt forbod mot atomvåpen. Framlegg til vedtak i kommunestyra:

..... kommune er djupt uroa over den alvorlege trusselen som atomvåpen utgjør mot lokalsamfunn over heile verda. Vi meiner innbyggjarane våre har rett til å leve i ei verd fri for atomvåpen. All bruk av atomvåpen, anten det skjer bevisst eller på grunn feil eller uhell, vil ha katastrofate omfattande og langvarige konsekvensar for menneske, miljø og samfunn. Difor støttar kommune FN-traktaten som forbyr atomvåpen, og vi oppmodar den norske regjeringa til å bli del av avtalen.

F15: Vatn- og avløpsavgiftene stig urovekkende i mange kommuner.

Framleggsstillar: Stord SV

Innstilling fylkesstyret: Avvisast. Oversendast Miljøpolitisk utval i Vestland SV.

Dette grunna prisstigning, aukande renter og krav om rensing på avløpsvann frå EU. Det er snakk om sekundærrensing for tettstadar over 10000 personenheter (pe) til sjø og 2000 pe til vatn. Avløpsdirektivet frå EU er under kontinuerlig bearbeiding, og får område kan det bli aktuelt med tertiær-/kvartærrensing.

for å fjerne td mikroplast, medisinrester og innhold av virus og bakterier. Dette er gode tiltak , men veldig dyrt for kommunene når alle tettstadar med over 10000 pe mellom Svinesund og Grense Jakobselv skal innføre minimum sekundær rensing. Vestland SV krev at Stortinget vedtek å konsekvensutgreie kva gjennomføringa av avløpsdirektivet vil bety for kommunane og innbyggjarane økonomisk og kva det vil bety for miljøet langs norskekysten og andre vassdrag før ein vedtek at kommune skal gjennomføre dette. Ev gjennomføring må også støttast med statlege midlar så det ikkje vert urimeleg dyrt for innbyggjarane gjennom alt før høge avgifter.

<https://www.regjeringen.no/no/sub/eos-notatbasen/notatene/2021/des/revisjon-av-avlopsdirektivet/id2966230/>

F16: Prioriter K5 – Ny veg og bane Arna-Stanghelle

Framleggsstillar: Vaksdal SV

Innstilling fylkesstyret: Til handsaming.

Våren 2025 vert ny Nasjonal transportplan vedteken i stortinget. SV krev at K5 – ny veg og bane Arna -Stanghelle står øvst på prioriteringslista når stortinget tek sommarferie!

Strekket Arna – Voss er ein av dei mest ulukkes og rasutsette vegane i Noreg. Det er og den einaste Europavegen på denne tvilsame lista over dei 20 mest rasutsette vegane. Frå år 2000 til 2017 gjekk det 338 skred mellom Arna og Voss. I 2019 gjekk det skred på begge sider av Bolstadttunnelen og 16 køyretøy vart innesperra i over 12 timar. Seinast 24. og 25. januar 2024 var E16 stengt av ras i 36 timar.

21. november 2022 gjekk eit samla korps frå beredskap i Vestland ut og sette krav om å sette i gang arbeidet med K5. Helse Bergen, Vest politidistrikt og Heimevernet krev ny veg og bane no!

Politimeister Songstad sa det slik til NRK: «*Vi er nøydd til å tenke på heilskapen og peike på at ein ytterlegare utsetting av nye vegar austover frå Bergen er problematisk for beredskapen*».

Det vi treng no er at regjering og storting er med oss i prioriteringa og seier at dette prosjektet er viktigast. Dette betyr igjen at det må skje tre ting våren 2024. 1. K5 må prioriterast i ny NTP. 2. Stortinget må ta ei investeringsavgjerd. 3. Arbeidet med ein bompengeproposisjon må starte.

Desse tre punkta må på plass våren 2024 – då kan vi saman sjå mot anleggsstart i 2025.

For liv

For helse

For tryggleik

For jernbane

For lokalsamfunn

For trygg veg og bane Bergen – Oslo

Bygg K5 no!

F17: Start bygging av ny jernbane og rassikker veg – stopp Hordfast!

Framleggsstillar: Marthe Hammer, gruppeleiar fylkestingsgruppa

Innstilling fylkesstyret: Avvisast til fordel for F16.

Denne våren venter vi berre på ei investeringsbeslutning for ein ny rassikker veg og ny jernbane Arna – Stanghelle. Det såkalla K5 alternativet, der ny rassikker veg og jernbane vert bygd parallelt og er kvarandre sine rømningstunnellar, er planavklart og klart for realisering. Regjeringa sin uthaling av dette prosjektet er svært bekymringsfullt. For ein må ikkje tru at Arna – Stanghelle er sikra.

Berre siste veke viser kor usikkert dette er. Da kunne det nye høgrebyrådet varsle at dei ville ha omkamp om Hordfast, som prioritert prosjekt frå Bergen. Framleis er den største trusselen mot realisering av K5 Hordfast. Ein må ikkje tru at ny jernbane og veg Arna – Stanghelle er sikra, og at Hordfast er kasta på skraphaugen. Til tross for prosjektet er i strid med vedtekne regionale og nasjonale klimamål, som Klimaplan for Vestland og Parisavtalen og Naturavtalen, og legg opp til uakseptabel øydelegging av verdifull natur i Sunnhordland, over Bjørnafjorden, i Stord, Tysnes og Os, så vedtok både eit fleirtal i fylkestinget i juni at Hordfast skal byggast i løpet av neste 6 års periode (!), og sist veke kunne ein altså lese at det nye Høgrebyrådet i Bergen varslar omkamp om Hordfast. Det bør uroe alle som vil ha meir rassikring, jernbane og bybane i Bergen. Hordfast vil føre til meir trafikk inn mot Bergensområdet og gjere det vanskelegare å få gjennomført ambisjonane om nullvekst i biltrafikk. Prosjektets skisserte kostnader er uakseptable og det er openbart at det ikkje er midlar til alle prosjekt. Derfor bør dette også uroe regjeringa, og det bør få regjeringa til å komme med ei investeringsbeslutning no.

F18: Anerkjenn Palestina no!

Framleggsstillar: Lærdal SV

Innstilling fylkesstyret: Til handsaming.

Lærdal har i 26 år hatt vennskapsavtale med Jeriko, verdas eldste by på Vestbreidda i Palestina. Me held tett kontakt med vennskapsbyen vår, ikkje minst i desse tidene. Israel si krigføring på Gaza rystar ei heil verd. Men også Jeriko og andre byar og landsbyar på Vestbreidda blir kvar natt og dag angripne av israelske soldatar som skyt og arresterer folk, stel og øydelegg hus og eigedom. Ingen kan kjenna seg trygg, både ungar og vaksne blir veldig redde. Jeriko og andre byar er avstengde, ein må gjennom sjekkpunkt med venting og strenge kontrollar om ein må ut av byen. Og ute på vegane er det svært farleg, ikkje minst fordi innbyggjarane i dei ulovlege israelske busetjingane er væpna og svært aggressive. Næringsliv og all aktivitet blir også ramma. Bøndene får ikkje sendt ut produkta sine, hotell, kafear og skular er stengde, arbeidsløysa er enorm, og inntektene skrantar.

Lærdal SV er glade for at den norske regjeringa har trappa opp hjelpa til Palestina, fordømt blokaden og held døra open for dialog med alle partar. Me er også glade for at Norge var blant dei få europeiske landa som røysta for våpenkvile i FNs generalforsamling, og sikra to tredels fleirtal. Men me krev no at den norske regjeringa gjer det mange land for lenge sidan har gjort: Å anerkjenna Palestina som ein eigen stat. Vage formuleringar om at dette er feil tidspunkt framstår som tomme ord når ein ser lidingane det palestinske folket må gjennomgå. I Lærdal opplever me gjennom vennskapsbanda til Jeriko korleis eit heilt folk blir trakassert, kua og truga med fordriving. I nyheitene får me eit inntrykk av dei aller verste krigshandlingane, men bak nyheitsbildet skjer umenneskelege overgrep mot heile det palestinske folket.

Det palestinske folket sitt rettferdige krav om ein eigen stat er i ferd med å bli utsletta. Leiande politikarar i Israel legg ikkje skjul på at målet deira er å fordriva palestinarane over grensene til Egypt og Jordan, så dei kan overta heile landet og leva i eit 'reint' jødisk samfunn «from the river to the sea». Verda må stå opp mot dette, og den norske regjeringa bør gå i front – mellom anna med å anerkjenna den palestinske staten.

Lærdal SV stør parolane til aksjonen «Norge må gjøre mer», danna av ei rad norske organisasjonar:

- Stopp handel frå ulovlege busetjingar
- Slutt å investera i den ulovlege okkupasjonen
- Stans våpensal til Israel

F19: Fredsinitiativ

Framleggsstillar: Stord SV

Innstilling fylkesstyret: Avvisast til fordel for F18.

Norge er tydelege på at vi støttar Ukraina i krigen mot Russland. Vi boikotter Russland. Israel går alt for langt i krigen på Gaza etter terroraksjonen til Hamas. Krigen på Gaza må stoppast. Alle virkemiddel må brukast. Dette inkluderer boikott av Israel som av Russland, på alle område.

Det er viktig å understreke at dette er boikott av den russiske og den israelske stat, ikkje den enkelte innbyggjar.

SV må styrke internasjonalt arbeid og metoder for å skape tillit og fred mellom land som er i krig

Konsekvensane av krigføring er forferdelege, og partar i krig må møtast, med nøytrale observatørar/deltakarar til stade, for å løyse konfliktane.

F20: Stans den israelske staten sitt vanvidd – Vestland SV i solidaritet med Gaza.

Framleggsstillar: Styret i Vestland SV

Innstilling fylkesstyret: Til handsaming.

Sidan oktober i fjor har sivilbefolkninga i Gazas og sivil infrastruktur blitt bomba av den israelske okkupasjonsmakta. Ifølge FN i Gaza har om lag 24 000 menneske blitt drepne, nesten 60 000 er blitt skada som følgje av denne valden og 85 % av Gaza sin befolkning blitt internt fordrevne til eit område i sør utan sivil infrastruktur, mat, tilgong til helsehjelp eller andre nødvendigheiter for å kunne overleve.

Den farligaste krisa for sivilbefolkninga i Gaza er ikkje over. Dei som allereie har overlevd over seksten år med blokade, matusikkerheit, vatnmangel, arbeidsledigheit, bombing og tvungen fordriving, står no ovanfor akutt fare for hungersnaud. Den totale blokaden, som fører til ekstrem mangel på mat- og vatn trugar liva til heile befolkninga på Gaza.

FNs klassifiseringssystem for å måle alvorlegheitsgraden ved matusikkerheit (IPC) vart utvikla for tjue år sidan. I prognosen for akutt matusikkerheit på Gazastripa for perioden desember 2023 til februar 2024, meldast det den høgste graden av I kritisk matusikkerheit for ein befolkning enn kva ein har målt på tjue år. Fire av fem av verdas mest svaltne er å finne i Gaza. Snart vil over en fjerdedel av befolkninga i Gaza vere ramma av katastrofal mangel på næring, medan resten av befolkninga vil vere ramma av kritisk låg tilgong på mat og vatn.

Israel har også systematisk ramma den sivile infrastrukturen i Gaza, inkludert alt som er nødvendig for matproduksjon og fiskeri. Nesten alle av Gaza sine fiskebåtar, garn, drivhus, husdyr, brønnar og matjord er blitt utsett for systematisk øydelegging. Konsekvensen av dette er ein heil sivilbefolkning på randen av hungersnaud. I tillegg, vil dei på lang sikt mangle evne til å produsere mat, då Israelmålretta har øydeleagt det som trengs for å kunne drive med av matproduksjon.

Det er alarmerende at så få diplomater og statsledere har tatt et klart standpunkt mot Israels handlinger og anklaget Israel for brudd på FN's folkemordkonvensjon. Bergen SV støtter Sør-Afrikas veldokumenterte anklage mot Israel, som både peker på at de øverste representantene for den israelske staten åpent har oppfordret til folkemord og brukt gjentakende avhumaniserende retorikk om sivilbefolkningen i Gaza og den humanitære katastrofen som nå utspiller seg foran øynene på en hel verden.

Anklagen fra Sør-Afrika er eksemplifisert av en rekke uttalelser, som den fra jordbruksminister Avi Dichter den 11. november: "Vi gjennomfører nå et Nakba i Gaza." Et annet eksempel er nestleder i Knesset, Nissim Vaturi, som den 7. oktober uttalte: "Vi har nå ett felles mål – å utslette Gazastripen fra jordens overflate", eller den israelske presidenten Isaac Herzog, som har gjort det helt klart for offentligheten at Israelske myndigheter ikke skiller mellom sivile og bevæpnede grupper i Gaza.

Den israelske statens handlinger er kriminelle og avskyelige og det haster med å få stanset dem. Risikoen for utryddelse av hele eller deler av sivilbefolkningen i Gaza er villet og menneskeskapt. Etter folkemordkonvensjonen er Norge og andre medlemsland pliktige til å iverksette tiltak som kan forhindre folkemord. Diplomati er ikke nok! Vi har ingen tid å miste.

Vestland SV:

1. Støtter Sør-Afrikas anklage og krav mot Israel, som de har lagt frem for Den internasjonale domstolen. Dette er et nødvendig skritt i retning av ansvarliggjøring for forbrytelsene som har blitt begått og fremdeles pågår mot sivilbefolkningen i Gaza.

2. Krever at regjeringen følger opp SVs forslag om sanksjoner mot Israel:

- a) at norske statlige våpenprodusenter og datterselskap med fabrikker i USA om å ikke selge komponenter direkte eller indirekte til Israel,
- b) at regjeringen tar initiativ til en internasjonal våpenembargo mot Israel,
- c) at regjeringen fryser penger og eiendom som tilhører personer som er ansvarlige for, aktivt støtter eller gjennomfører handlinger som truer sikkerheten til folk på Gaza, hindrer humanitære organisasjoners arbeid på Gaza og/eller undergraver Palestinas territoriale integritet,
- d) at regjeringen innfører forbud mot import/eksport og levering av varer og tjenester som bidrar til det israelske regimets inntekter,
- e) at regjeringen fryser frihandelsavtalen med Israel til krigen i Gaza er avsluttet og blokaden mot Gaza er opphevet

3. Oppfordrer alle våre medlemmer, venner og allierte til å delta i solidaritetsmarkeringer, styrke båndene til norsk-palestinere og til det palestinske sivilsamfunnet. Bomber, fordrivelse og utsulting kan aldri stanse vår felles, globale kamp for frihet, likhet og selvbestemmelse.

F21: Vestland SV i solidaritet med folket i Gaza

Framleggsstillar: Askvoll SV

Innstilling fylkesstyret: Avvisast til fordel for F20.

Sidan oktober i fjor har israelske bomber drepe minst 26 000 menneske i Gaza, og kring 65 000 er skadde. Nesten heile folket i Gaza er no fordrivne til eit område i sør der det manglar sivil infrastruktur, mat og tilgang til helsehjelp.

Den israelske blokaden gjer at det er akutt fare for hungersnaud i Gaza. Mangelen på mat og vatn er livstrugande. I tillegg er fiskebåtar, drivhus, matjord, husdyr og brønnar systematisk øydelagt av bomber, slik at det også på lenger sikt vil vere vanskeleg å produsere mat i Gaza.

FN-domstolen i Haag har no komme med ei fråsegn om at Israel må gjere alt for å forhindre folkemord, og sørge for at den humanitære situasjonen vert forbetra.

Hamas og andre militsar har fått pålegg om å frigjere gislane. Etter FN sin folkemordkonvensjon pliktar alle medlemsland å gjere tiltak som kan hindre folkemord. Det hastar med å få stoppa Israel sine handlingar i Gaza!

Vestland SV støttar fråsegna frå FN-domstolen og krev at den norske regjeringa følgjer opp med handling. Vi krev at det blir sett i verk følgjande sanksjonar mot Israel:

- at norskproduserte våpen eller våpenkomponentar ikkje vert selde til Israel, heller ikkje via andre land
- at Noreg tek initiativ til ein internasjonal våpenembargo mot Israel
- at regjeringa frys frihandelsavtalen med Israel til krigen i Gaza er avslutta og blokaden mot Gaza er oppheva

Vi oppmodar medlemmer, vener og allierte til å delta i solidaritetsmarkeringar med palestinarane og til å boikotte varer frå Israel.

F22: Stans den israelske staten sitt vanvidd – Ullensvang SV i solidaritet med Gaza

Framleggsstillar: Ullensvang SV

Innstilling fylkesstyret: Avvisast til fordel for F20.

Sidan oktober i fjor har den israelske okkupasjonsmakta bomba både sivilbefolkninga i Gaza og sivil infrastruktur. Ifølge FN i Gaza har om lag 24 000 menneske blitt drepne og nesten 60 000 har vorte skada som følgje av denne valden. I tillegg er 85 % av befolkninga vorte internt fordrevne til eit område i sør utan sivil infrastruktur, utan mat, tilgong til helsehjelp eller anna naudsynt for å kunne overleva.

Den farlegaste krisa for sivilbefolkninga i Gaza er ikkje over. Dei som allereie har overlevd over seksten år med blokade, matusikkerheit, mangel på vatn, arbeidsledigheit, bombing og fordrive under tvang, står no ovanfor akutt fare for hungersnaud. Den totale blokada, som fører til ekstrem mangel på mat- og vatn trugar liva til heile befolkninga på Gaza

FNs klassifiseringssystem for å måle alvorlegheitsgrada ved matusikkerheit (IPC) vart utvikla for tjue år sidan. I prognosa for akutt matusikkerheit på Gazastripa for perioda desember 2023 til februar 2024, meldast det den høgste grada av kritisk matusikkerheit for ei befolkning enn kva ein har målt på tjue år. Fire av fem av verdas mest svoltne er å finne i Gaza. Snart vil over ein fjerdedel av befolkninga i Gaza vere ramma av katastrofal mangel på næring, medan resten av befolkninga vil vere ramma av kritisk låg tilgong på mat og vatn.

Israel har også systematisk ramma den sivile infrastrukturen i Gaza, inkludert alt som er naudsynt for matproduksjon og fiskeri. Nesten alle av Gaza sine fiskebåtar, garn, drivhus, husdyr, brønnar og matjord er vorte utsett for systematisk øydelegging. Konsekvensen av dette er ein heil sivilbefolkning på randen av hungersnaud. I tillegg, vil dei på lang sikt mangle evna til å produsere mat, då Israel målretta har øydelagt det som trengs for å kunne drive med av matproduksjon.

Sjuke, gamle og personar med nedsett funksjonsevne slit med å bevega seg og må ofte berre vera att der dei er, skrev Raude Kors i oktober i fjor. Det finst grusame dømer på born med smertefulle amputasjonar grunna Israel si bombing av Gaza.

Det er alarmerende at så få diplomatar og statsleiarar har tatt et klart standpunkt mot Israels handlingar og anklaga Israel for bråt på FN's folkemordkonvensjon. Ullensvang SV støttar Sør-Afrikas veldokumenterte anklage mot Israel, som både peker på at dei øverste representantene for den israelske staten opent har oppfordra til folkemord og nytta gjentakande avhumaniserende retorikk om sivilbefolkninga i Gaza og den humanitære katastrofa som no utspelar seg framføre augene på ei heil verd.

38 Anklaga frå Sør-Afrika kjem etter mange dømer på graverande utsagn, som den frå
39 jordbruksminister Avi Dichter den 11. november: "Vi gjennomfører nå et Nakba i
40 Gaza." Eit anna døme er nestleiar i Knesset, Nissim Vaturi, som den 7. oktober
41 uttalde: "Vi har nå ett felles mål – å utsette Gazastripen fra jordens overflate", eller
42 den israelske presidenten Isaac Herzog, som har gjort det helt klart for offentlegheita
43 at Israelske myndigheter ikkje skiljar mellom sivile og væpna grupper i Gaza.

44 Den israelske statens handlingar er kriminelle og avskylege og det hastar med å få
45 stansa dei. Risikoen for utrydding av heile eller delar av sivilbefolkninga i Gaza er
46 ynskja og menneskeskapt. Etter folkemordkonvensjonen er Noreg og andre
47 medlemsland pliktige til å iverksette tiltak som kan hindra folkemord. Diplomati er ikkje
48 nok! Me har ingen tid å mista.

49

50 Ullensvang SV:

51 1. Støttar Sør-Afrika si anklage og krav mot Israel, som dei har lagt fram for Den
52 internasjonale domstolen. Dette er eit naudsynt skritt i retning av
53 ansvarleggjering for forbrytingane som har vorte gjennomført og fremleis skjer
54 mot sivilbefolkninga i Gaza.

55

56 2. Krev at regjeringa følgjer opp SV sitt framleg om sanksjonar mot Israel:

57 a) at norske statlege våpenprodusentar og dotterselskap med fabrikkar i USA om å
58 ikkje selje komponentar direkte eller indirekte til Israel,

59 b) at regjeringa tek initiativ til ein internasjonal våpenembargo mot Israel,

60 c) at regjeringa frys pengar og eigedom som tilhøyrrer personar som er ansvarlege for,
61 aktivt støttar eller gjennomfører handlingar som trugar tryggleiken til folk på Gaza,
62 hindrar humanitære organisasjonar sitt arbeid på Gaza og/eller undergrev Palestina
63 sin territoriale integritet,

64 d) at regjeringa innfører forbod mot import/eksport og levering av varer og tenester
65 som bidreg til det israelske regimet sine inntekter,

66 e) at regjeringa frys frihandelsavtalen med Israel til krigen i Gaza er avslutta og
67 blokaden mot Gaza er oppheva.

68

69 3. Oppmodar alle våre medlemmer, vener og allierte til å delta i
70 solidaritetsmarkeringar, styrke banda til norsk-palestinarar og til det palestinske
71 sivilsamfunnet. Bomber, fordriving og utsvelting kan aldri stogge vår felles, globale
72 kamp for fridom, likheit og sjølvbesteming.

Årsmelding for Vestland SV

Årsmelding frå fylkesstyret, om året 2023-24 i Vestland SV

1) Fylkesårsmøtet 2023

Møtet vart halde på Hotel Grand Terminus i Bergen sentrum laurdag 11. og søndag 12. februar 2023. 75 delegatar og 5 observatørar møtte forutan gjester, ordstyrarar og tilsette. Det møtte delegatar frå Alver, Askvoll, Askøy, Bergen, Bømlo, Gloppen, Kvinnherad, Luster, Osterøy, Sogndal, Stad, Stord, Sunnfjord, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden, i alt 17 lokallag. Oppmøtet var lågare enn året før, for ein del grunna sjukdom med kort varsel. Nokre lokallag fann ikkje utsendingar.

2) Fylkesstyret

På fylkesårsmøtet vart desse valde til fylkesstyre:

- Leiar: **Hege Lothe**, Gloppen (1 år) (attval)
- Politisk nestleiar: **Jonas Aleksander Foldnes**, Øygarden (1 år) (ny)
- Organisatorisk nestleiar: **Rafael Cobo**, Askøy (1 år) (attval)
- Økonomiansvarleg: **Sara Bell**, Bergen (ikkje på val)
- Styremedlem: **Gaute Losnegård**, Askvoll (attval)
- Styremedlem: **Silje Nordtveit Olsen**, Kvinnherad (ikkje på val)
- Styremedlem: **Jens Revold**, Bergen (2 år) (ny)
- Folkevaldansvarleg: **Vibeke Johnsen**, Sogndal (2 år) (attval)
- Fagleg ansvarleg: **Karin Bell Trældal**, Stord (2 år) (ny)
- Kvinnepolitisk ansvarleg: **Kristin Hartvedt**, Bergen (2 år) (ny)
- Miljøpolitisk ansvarleg: **Kerim Nisancioglu**, Bergen (ikkje på val)
- Distriktpolitisk ansvarleg: **Mari Svartveit Hansen**, Ullensvang (2 år) (ny)
- Fylkestingsgruppeleiar: **Marthe Hammer**
- Representant frå Vestland SU: **Gabriella Haugland**

Stortingsrepresentant **Audun Lysbakken** vert alltid kalla inn til møta.

3) Arbeidet til fylkesstyret

Det har vore 10 fylkesstyremøte gjennom året: 9. mars, 22. april, 10. mai, 21. juni, 20. september, 24. oktober, 23. november, 11. desember, 9. januar og 1. februar. Til saman har fylkesstyret handsama 77 saker.

Alle møta har vore digitale, så nær som eitt. Dette blei halde laurdag 22. april på fylkeskontoret i Bergen, som eit heildagsopplegg med skulering og open diskusjon. Då vedtok styret eit årshjul for resten av styreåret. Etter møtet åt styret middag saman ute.

Det blei dessutan halde to ekstraordinære møte mellom fylkesstyret og forhandlingsutvalet vårt i fylket i samband med valet. Det eine blei halde dagen før valdagen, og forhandlingsutvalet drøfta då forhandlingsposisjonen framfor fylkestingsforhandlingane kvelden etter. Det andre møtet skjedde dagen etter valdagen. Då la forhandlingsutvalet fram forhandlingsresultatet så langt, og fekk tilslutning til det vidare forhandlingsopplegget.

På fylkesstyremøtet 24. oktober heldt **Morten Harper** i Nei til EU ei innleiing der han tok for seg organisasjonen si rettssak mot staten. Saka omhandla spørsmålet om grunnlova tillet at Stortinget ved simpelt fleirtal kan gje tilslutning til at norsk lovgiving vert underlagt EU-lovgiving, som til dømes i EU si fjerde energipakke.

Årshjulet som styret vedtok på våren la til grunn at vi også skulle ha eit fysisk styremøte og samling midt på hausten i høve folkevaldsamlinga. Denne valde vi å avlyse, og vi oppmoda i staden folk om å reise til den sentrale samlinga. Etter ein lang og stri valkamp var det godt for fylkeskontoret og leiinga å ikkje lage til folkevaldsamling, men det gjorde også at vi ikkje fekk samla oss, noko som absolutt gjev ein ekstra kveik.

4) Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet har vore:

- **Hege Lothe**, leiar
- **Jonas Aleksander Foldnes**, politisk nestleiar
- **Rafael Cobo**, organisatorisk nestleiar
- **Sara Bell**, økonomiansvarleg

Det er leiar og dei to nestleiarane som har røysterett i arbeidsutvalet. Det har vore berre 6 møte i arbeidsutvalet gjennom året, noko som er færre enn vanleg. Vi har greidd å ordne ein del via skriftlege avklaringar, men har fått samlast sjeldnare enn vi ynskte oss. Møta har vore digitale, og dei møta vi har hatt har vore viktige for arbeidsflyten i laget.

5) Utvida fylkesstyremøte

Vedtektene opnar for utvida fylkesstyremøte der alle lokallaga vert inviterte inn i møtet med ein representant kvar. Det er mogleg å ta opp kva emne ein ynskjer. Etter vedtektsendring på førre fylkesårsmøte, kan ikkje utvida fylkesstyre gjere eigne vedtak. Det ligg til fylkesstyret. Vestland SV har ikkje hatt utvida fylkesstyremøte i

dette arbeidsåret. Fylkesstyret meiner det er nyttig å samle alle lokallaga til slike møte og ynskjer å halde fram med denne arbeidsforma, sjølv om det ikkje vart gjort i år.

6) Valnemnd

På fylkesårsmøtet vart det valt eiga valnemnd. Desse har vore:

- **Veronicka Ruud**, leiar, Askøy (1 år)
- **Hege Læg Reid Røssland**, Kvinnherad (ny) (2 år)
- **Bente Nilsen Owren**, Bergen (attval) (2 år)
- **Thomas Michael Walle**, Gloppen (attval) (1 år)
- **Magne Aardal**, Sunnfjord (ny) (2 år)
- **Yngve Haugsdal**, SU (ny) (1 år)

Representanten frå SU trekte seg frå arbeidet utpå hausten. Hen vart ikkje erstatta, og SU fekk såleis ikkje delteke i arbeidet. Nemnda fekk ikkje møtt kvarandre midt på hausten på folkevaldkonferansen som dei har fått gjort tidlegare år. Arbeidet kom difor i gang noko seinare enn tidlegare år. Dei har likevel gjort eit grundig arbeid.

7) Revisorar

På fylkesårsmøtet vart **Jakob André Sandal** frå Sunnfjord og **Hege Bjørnør** frå Bjørnafjorden valde til revisorar. Begge tok attval. **Åge Rosnes** frå Bergen har vore vara. Det er hektisk å få stilt ferdig rekneskapen for revisjon innan fylkesårsmøtet, men dei fullførte i år også.

8) Folkevalde

Etter kommune- og fylkestingsvalet i september 2023 er SV representert i 30 kommunestyre i Vestland. Vi auka opp med ein kommune, frå 29 kommunar i førre periode. Vi har 69 kommunalt folkevalde og 5 representantar i fylkestinget – ein auke på 12 folkevalde samanlikna med førre periode. Våre heiltidsfolkevalde er **Marthe Hammer**, gruppeleiar og medlem av fylkesutvalet i Vestland fylkesting, **Åsmund Berthelsen**, leiar i opplæringsutvalet i fylket og **Mikkel Grüner** i Bergen bystyre. SV har ein varaordførar i Vestland: **Kjartan Haugsnes** i Vaksdal.

9) Utval og nettverk

Arbeidsplanen legg opp til at fylkesstyret skal velje fleire utval som skal arbeide med ulike politiske saker. Det vart sendt ut ein eigen e-post til alle medlemmer tidleg i arbeidsåret, der alle hadde høve til å melde interesse. Vi hadde fyrste runde med oppnemningar på fylkesstyremøtet i mars. Vi har ikkje hatt aktivitet i Internasjonalt utval, Antirasistisk utval, Distriktpolitisk utval og Utdanningspolitisk utval. Fylkesstyret har også fått i oppdrag å starte eit Skeivt utval. Det har vi ikkje lukkast med i dette arbeidsåret.

Distriktpolitisk utval

Utvalet vart utpeika på fylkesstyremøte 10. mai 2023. Utvalet har ikkje hatt møte i 2023.

Desse har vore med i utvalet:

- **Mari Svartveit Hansen** (leiar), Ullensvang
- **Hans Christian Hansen**, Stad
- **Gaute Losnegård**, Askvoll
- **Tore Svendsen**, Austrheim
- **Elisabeth Croles**, Kvinnherad
- **Siri Janne Lianos**, Bjørnafjorden
- **Guri Bugge**, Ullensvang
- **Geir Madsen**, Kvam
- **Bjørn Kåre Engseth**, Eidfjord
- **Henry Lie**, Bergen
- **Jan Per Styve**, Bergen

Fagleg utval

Fagleg utval kom på plass hausten 2023, og har bestått av ei blanding av tillitsvalde i ulike arbeidstakarorganisasjonar, forutan representantar som har særskilt kunnskap og engasjement om ulike tema som høyrer inn i arbeidslivspolitikkk. Representantane sit på ein kompetanse og eit stort engasjement som Vestland SV bør ta vare på i vidare utvikling av politikk.

Dette faglege utvalet har vore organisert annleis enn tidlegare utval. I arbeidsperioden har utvalet hatt eit arbeidsutval med 3 personar (som starta med 4 personar, men der ein fall frå). Planen var at AU skulle ha møte i den eine månaden, og at det samla faglege utvalet skulle møtast månaden etter.

Fagleg utval har gjennomført eitt møte i arbeidsutvalet (AU), og eitt møte med et samla fagleg utval. Det har vore utfordringar med å finne treffdatoar som passa for fleire. Modellen for organisering kan vere verdt å arbeide vidare med.

Fagleg utval har, saman med fylkesstyret i Vestland SV, kome med ei støtteerklæring i høve LO i Bergen og omland si markering 20. september, der ein fremja støtte for regjeringa sin politikk for faste tilsettingar og innskrenking av bemanningsbransjen. Fagleg leiar har dessutan halde ei politisk innleiing for Bjørnafjorden SV.

Desse har vore med i utvalet:

- **Karin Bell Trældal** (leiar), Stord, AU-medlem (Norsk Sjukepleiarforbund)
- **Mona Helen Nilsen**, Bergen, AU-medlem (NTL)
- **Hege Bjørnør**, Bjørnafjorden, AU-medlem (Fagforbundet)

- **Tina Åsgård**, Bergen (NTL)
- **Thomas Owren**, Bergen (FO)
- **Tore Müller Andresen**, Bergen (Finansforbundet)
- **Steinar Nørstebø**, Bergen (Handel og Kontor)
- **Stefan Lindner**, Bergen (Norsk Tannlegeforening)
- **Ask Sandvik**, Sogndal (student)
- **Hans Christian Hansen**, Stad (Fellesforbundet)
- **Tone Otterlei**, Sunnfjord (FO)
- **Anders Haug-Nossum**, Øygarden (Fellesforbundet)
- **Jorge Del Pino**, Stord (Fagforbundet)
- **Craig Bøthun**, Bjørnafjorden (Handel og Kontor)

Kvinnepolitisk utval

Utvalet vart utpeika på fylkesstyremøtet 21. juni 2023. Utvalet kom seint i gang, men har hatt møte ein gong i månaden sidan sommaren. Det har vore stor variasjon i talet på deltakarar på kvar samling fordi engasjerte medlemmer som har fleire verv.

Utvalet var ikkje på plass til 8. mars-markeringa og Kvinnefestivalen, så leiar fekk hjelp av tidlegare leiar **Vibeke Johnsen** og **Eva Aarskog** til å setje saman eit arrangement. Det vart halde på Café Sana i Bergen, og temaet var "Kvinner på flukt". **Marthe Hammer** (SV), **Simran Skulberg** (SU), **Katrine Meisfjord** (Helsesenter for Papirløse) og **Rahel Samuel** (Mennesker i Limbo) var innleiarar. Dette var eit vellukka arrangement med gode diskusjonar.

Utvalet hadde ønske om å halde eit arrangement i november for å markere Internasjonal dag for avskaffing av vald mot kvinner, men vi fekk ikkje dei innleiarane vi ønska oss. Utvalet planlegg eit arrangement under Kvinnefestivalen 2024.

Desse har vore med i utvalet:

- **Kristin Hartvedt**, Bergen (leiar)
- **Hilde Hauglid**, Stord
- **Eva Aarskog**, Øygarden
- **Maria Steimler**, Sunnfjord
- **Turid Helen F. Linde**, Bergen
- **Elin Hege B. Lona**, Bergen
- **Anna Kathrine Eltvik**, Bergen
- **Johanne Strømseng**, Bergen
- **Stine Marie Hjelle**, Bergen
- **Erika Eidslott**, Bergen
- **Simin Sabri**, Askøy
- **Erle Lilliane**, Ullensvang

Fylkesstyret ønske i utgangspunktet fleire medlemmar frå Sogn og Fjordane i dette utvalet, men det viste seg å vere vanskeleg å finne og få ja frå kandidatar. Utvalet har levert to fråsegner til Bergen SV sitt årsmøte og Vestland SV sitt årsmøte.

Miljøpolitisk utval

Utvalet har arrangert fleire opne møte i denne perioden. Den 24. april vart det halde seminar om bergvarme ved **Kirsti Midtømme**, fjordvarme ved **Magne Hjelle** og prioriteringsmatrise for naturverdiar ved **Nils Johnsen** frå Naturvernforbundet. Møtet vart halde på fylkeskontoret med brukbart oppmøte. Det var også mogleg å delta digitalt.

4. mai hadde utvalet møte med tidlegare stortingsrepresentant **Arne Nævra**. Tema var naturkrise og naturmangfald. Det var eit spennande emne og godt føredrag. Møtet vart halde på Vestlandshuset i Bergen. Oppmøtet var dårleg, mest fordi ein i liten grad hadde drive mobilisering.

25. september vart det halde møte i Bergen med SV sin miljøpolitiske talsmann på Stortinget, **Lars Haltbrekken**. Han tok opp den globale klimakrise og SV sine svar, grøn energi, FN sin naturavtale og implikasjonar for Noreg, Melkøya og ein heil serie andre emne. Det var eit svært godt besøkt møte, med brukbar digital deltaking frå resten av fylket.

Innspel

Utvalet har levert innspel til Energipolitisk plan for Vestland. I tillegg har vi levert fleire framlegg til uttaler til årsmøtet i Bergen SV og til fylkesårsmøtet.

Organisering

Vi har fått hjelp av fylkessekretær til å få til ei felles e-post-ordning. Det er også laga eit felles sharepoint-område der Miljøpolitisk utval no legg inn dokument, utgreiingar og uttaler som er viktige for arbeidet i utvalet. Utvalt vil dermed over litt tid byggje opp eit bra miljøbibliotek. Om nokon er spesielt interesserte, kan utvalet dele dette med partimedlemmer som står utanfor Miljøpolitisk utval.

Utvalet har i løpet av året organisert seg betre, og ynskjer fleire medlemmer frå resten av fylket utanfor Bergen. Medlemmene har fått tilsendt invitasjonar til seminar i regi av det sentrale miljøpolitiske utvalet, og nokre har delteke på slike seminar. **Ragnhild Freng Dale** og **Dag Sandvik** har hatt plass også i Miljøpolitisk utval sentralt. **Kim Straumsnes** har vore til god hjelp for Jens Revold i det praktiske arbeidet med utvalet. Det er viktig for utvalet å få noko meir midlar til disposisjon for drift, arrangement og kanskje nokre abonnement.

Desse har vore med i utvalet:

- **Jens Revold**, Bergen (leiar)

- 245 • **Einar Svendsen**, Askøy
- 246 • **Åsmund Berthelsen**, Sunnfjord
- 247 • **Alena Dekhtyareva**, Vaksdal
- 248 • **Guri Bugge**, Ullensvang
- 249 • **Kerim Hestnes Nisancioglu**, Bergen
- 250 • **Marthe Hammer**, Bergen
- 251 • **Kim Straumsnes**, Bergen
- 252 • **Ívar Stefánsson**, Bergen
- 253 • **Kristin Skaar**, Bergen
- 254 • **Ragnhild Freng Dale**, Bergen
- 255 • **Thomas Helland Hansen**, Bergen
- 256 • **Hallvard Birkeland**, Bergen
- 257 • **Bjørn Kolstad**, Bergen

258

259 **Antirasistisk utval**

260 Antirasistisk utval har diverre ikkje hatt aktivitet.

261

262 **Utdanningspolitisk utval**

263 Utdanningspolitisk utval har diverre ikkje hatt aktivitet i år. Etter valet vart **Åsmund**
264 **Berthelsen** vald til leiar for fylkestinget sitt hovudutval for opplæring og kompetanse.
265 **Marianne Sæhle** har også gått inn som fast medlem der. Arbeidet med dette feltet vil
266 framover vere knytt til utdanningsfraksjonen.

267

268 **Internasjonalt utval**

269 Internasjonalt utval har diverre ikkje hatt aktivitet.

270

271 **Funkisnettverk**

272 Funkisnettverket har diverre ikkje hatt aktivitet i år.

273

274 **10) Tilsette på fylkeskontoret**

275 Fylkessekretær **Frøydis Olaussen** gjekk ut av stillinga ved årsskiftet 2022/23. **Aslak**
276 **Owren** vart tilsett som ny fylkessekretær, men han tiltredde ikkje før 1. mars. Vi løyste
277 dette med at **Hege Lothe** fekk nokre veker frikjøp. Saman med **Sigrid Sandal**
278 arbeidde dei fyrst og fremst med fylkesårsmøte og listestilling, forutan førebuingar til
279 landsmøte og valkamp.

280

281 **Sigrid Sandal** har i heile perioden vore tilsett som organisasjonskonsulent. Denne
282 stillinga er til vanleg delt mellom Vestland SV og Bergen SV. Tidleg på året avtala vi
283 med Bergen SV å få bruke Sigrid i bortimot full tid tidleg på året sidan vi då ikkje
284 hadde fylkessekretær. Det var svært viktig for oss å bruke tid på å få på plass
285 kommunestyrelister og gjennomføre fylkesårsmøtet. Motytinga var at Sigrid seinare

skulle arbeide gradvis meir for Bergen SV. Ho fungerte som valkampsekretær i 100 % stilling for Bergen SV under valkampen.

Frå 1. mars, då **Aslak Owren** tiltredde, vart nær sagt all ledig tid brukt på listestillingsarbeidet. Det vart gjort svært solid arbeid frå dei tilsette, noko som resulterte i at vi auka talet på lister.

Vestland SV har gått over til ei ordning der våre tilsette er tilsett hjå SV sentralt. Sistnemnde har arbeidsgjevaransvar medan fylkeslaget har arbeidsleiaransvar. I det daglege har fylkesleiar **Hege Lothe** den tettaste oppfølginga saman med gruppeleiar **Marthe Hammer**. Fylkessekretær er arbeidsleiar på kontoret.

Fylkessekretæren er sekretær for fylkestyret og arbeidsutvalet, og har stort sett å gjere med alt fylkeslaget arbeider med. Fylkessekretær og organisasjonskonsulent deler på arbeidet mellom seg. Fylkessekretæren, men hjelp frå organisasjonskonsulent, følgjer opp dei organisatoriske tiltaka i fylkeslaget knytt til arrangement og valkamp, og gjer mykje arbeid knytt direkte til lokallaga. Etter ei omlegging i 2020 utfører fylkessekretæren også økonomiarbeidet saman med økonomiansvarleg i styret. Fylkessekretæren følgjer arbeidet i fylkestinget, og deltek på møte der det er naudsynt.

11) Fylkeskontoret

Fylkeskontoret til Vestland SV ligg på St. Jakobs plass 9 i Bergen sentrum. Det er fast kontorstad for fylkessekretæren og organisasjonskonsulenten. Gruppeleiar **Marthe Hammer** brukar også dette kontoret, når ho ikkje sit på kontoret knytt til fylkeskommunen. Vi delar kontor og utgifter med Bergen SV, Bergen SU og Vestland SU. Ungdommane brukar kontoret flittig. Dei brukar også møterommet i kjellaren når dei er mange, eller når møterommet oppe vert bruk av andre. Kontoret har god tilkomst for personar i rullestol eller med barnevogn.

I samband med tilsetting av ny fylkessekretær har kontoret gått til innkjøp av meir PC-utstyr og gjort oppgraderingar. Organisasjonskonsulenten har i løpet av året leia an i arbeidet med å rydde og gjere utbetringar av system og oppbevaring på kontoret. Ho gjorde også godt arbeid under valkampen med å organisere materiell og legge til rette for effektiv distribusjon. Fleire tillitsvalde og frivillige har peika på at dette gav god valkampstemning.

Saman med tillitsvalde i Bergen SV har organisasjonskonsulenten også gjennomført vareteljing i boden i kjellaren, og rydda denne skikkeleg etter valkampen. Det vart då brukt nokre kroner på å kaste øydelagt og utgått materiell, utstyr og t-skjorter.

Det er i 2023 inngått ny leigeavtale om kopimaskin og oppgradering av denne. Den nye avtalen er noko rimelegare over tid enn den gamle. Husleigekontrakten er også blitt fornya i 2023. Den går i utgangspunktet fram til årsskiftet 2026/27.

12) Landsstyret

I perioden har det vore vanlege landsstyremøte med fysisk oppmøte. Landstyret har fleire gonger gjennom perioden drøfta korleis partiet skal handtere dyrtida frå opposisjon i Stortinget. Kommune- og fylkestingsvalet og situasjonen i Palestina og Israel har vore mykje diskutert. Landsstyret har fått opplæring av partisekretær Audun Herning. Det har vedteke etiske retningslinjer, oppdatering av rutinar for trygge møteplassar og korleis ein skal handtere seksuell trakassering.

Landstyrerepresentantar frå Vestland SV:

- **Hege Lothe**, Gloppen
- **Sara Bell**, Bergen
- 1. vara: **Rafael Cobo**, Askøy
- 2. vara: **Vibeke Johnsen**, Sogndal
- 3. vara: **Jonas Aleksander Foldnes**, Øygarden
- 4. vara: **Gaute Losnegård**, Askvoll

13) Førebuingar til landsmøtet i mars 2023

Fylkesårsmøtet valde utsendingar til landsmøtet. Denne gongen fekk Vestland SV 23 delegatar og inntil 9 gjestar/observatørar. I tillegg til delegasjonen hadde Vestland to landsstyrerepresentantar, to sentralstyremedlemmer og to direktevalde landsstyrerepresentantar som også møtte på landsmøtet. **Torunn Olsnes** sat i den førebuande vedtektskomiteen, **Sara Bell** og **Ragnhild Freng Dale** i prinsippprogramkomiteen og **Marthe Hammer** i den førebuande valnemnda. **Sara Bell** vart også plukka ut til å leie komiteen som innstilte på endringsforslag til landsstyret.

Dette var delegasjonen til landsmøtet:

1. **Marthe Hammer**, Bergen
2. **Eira Garrido**, Bergen
3. **Mikkel Grüner**, Bergen
4. **Audun Syltevik**, Bergen
5. **Salman Chaudhry**, Bergen
6. **Emma Gyllander**, Bergen
7. **Diane Berbain**, Bergen
8. **Andreas Madsen Berg**, Bergen
9. **Torunn Olsnes**, Bergen
10. **Thomas Helland-Hansen**, Bergen
11. **Augusta Moen Opsahl**, Bergen
12. **Kerim Hestnes Nisancioglu**, Bergen
13. **Åsmund Berthelsen**, Sunnfjord
14. **Gaute Losnegård**, Askvoll
15. **Steinar Øydvin**, Sogndal
16. **Alice Hestad Vie**, Askvoll

- 371 17. **Kjartan Haugsnes**, Vaksdal
372 18. **Hilde Hauglid**, Stord
373 19. **Arild Iversen**, Askøy
374 20. **Silje Nordtveit Olsen**, Kvinnherad
375 21. **Jonas Aleksander Foldnes**, Øygarden
376 22. **Hlin-Såga Brosvik Kyrkjeøy**, Vestland SU
377 1. vara: **Marianne Sæhle**, Bergen
378 2. vara: **Knut Fjellheim**, Askøy
379 3. vara: **Alexander Papas**, Bergen
380 4. vara: **Ragnhild Freng Dale**, Bergen
381

382 Valde observatører:

- 383 • **Viviann Midtbø**, Stad
384 • **Yngve Haugsdal**, Øygarden
385

386 Tilsette/observatører:

- 387 • **Sigrid Sandal**, organisasjonskonsulent for Bergen SV og Vestland SV
388 • **Aslak Owren**, fylkessekretær for Vestland SV
389 • **Gabriel Steinsbekk**, sekretær for bystyregruppa i Bergen
390

391 Landsstyrerepresentant og fylkesleiar Hege Lothe var delegasjonsleiar. Nestleiar
392 **Jonas Aleksander Foldnes** var nestleiar i delegasjonen. **Tamara Lien Nøtseth**
393 melde forfall og **Alice Hestad Vie** tok då hennar plass i delegasjonen. **Marianne**
394 **Sæhle** vart då fyrste vara og **Ragnhild Freng Dale** vart siste kvinne på varalista. På
395 sjølve landsmøtet vart **Hege Lothe** vald til leiar for vedtektskomitéen, **Mikkel Grüner**
396 vart medlem av redaksjonskomitéen for fråsegner og **Gaute Losnegård** var medlem i
397 fullmaktskomitéen. Vestland SV markerte seg godt på møtet og i debattane. Vi hadde
398 mange kandidatar på val og det var mange fyrstekandidatar til lokalvalet med i
399 delegasjonen. Desse fekk hjelp til promotering og produksjon av kandidatmateriell av
400 SV sin kampanjeavdeling under møtet.
401

402 På festmiddagen vart **Audun Lysbakken** takka av som leiar i partiet. Vestland SV
403 fekk lov til å vere ein del av programmet under middagen. Alle frå delegasjonen stilte
404 framme ved scena medan **Hege Lothe** held takketala på vegne av Vestland SV
405 (gamle Hordaland SV) og Bergen SV. Audun fekk så gåve av fylkeslaget, medan
406 **Audun Syltevik** overrekte gåve frå Bergen SV.
407

408 14) Anna representasjon i SV

409 Vestland SV er representert både på Stortinget og i den sentrale leiinga i partiet.
410 **Audun Lysbakken** er stortingsrepresentant. **Gina Barstad** og **Kerim Hestnes**
411 **Nisancioglu** er sentralstyremedlemmer og **Sara Bell** er varamedlem til sentralstyret.

Sara Bell og **Ragnhild Freng Dale** sit i komiteen som skal skrive framlegg til nytt arbeidsprogram for SV. Det vert lagt fram på landsmøtet neste år. Vårt fylkeslag er også godt representert i partiet sine sentrale utval og nettverk.

Inkluderingspolitisk utval

- **Camilla Ahamath**, Bergen (leiar)
- **Silje Oskar Heltne**, Bergen

Internasjonalt utval

- **Rafael Cobo Garrido**, Askøy

Kvinnepolitisk utval

- **Eira Vilde Martinsen Garrido**, Bergen
- **Ellen Hagen**, Vaksdal

Miljøpolitisk utval

- **Ragnhild Freng Dale**, Bergen
- **Dag Sandvik**, Voss

Fagleg utval

- **Marianne Sæhle**, Bergen
- **Sara Bell**, Bergen
- **Steinar Nørstebø**, Bergen

EU/EØS-utvalet

- **Hlin-Såga Kyrkjeøy**, Bergen

Samepolitisk råd

- **Ragnhild Freng Dale**, Birggon/Bergen (vara)
- **Aslak Owren**, Birggon/Bergen (vara)

Studentnettverk nasjonalt

- **Augusta Moen Opsahl**, Bergen (leiar)

Helsepolitisk nettverk

- **Arild Iversen**, Askøy

15) Medlemmer og medlemsverving

Ved utgangen av 2023 hadde fylkeslaget 2101 medlemmar. Det er 9 færre enn ved utgangen av 2022, og 105 færre enn ved utgangen av stortingsvalåret 2021. Dette er eit vanleg mønster mellom stortingsvalår. Det er såleis mogleg at vi får til ein ny vekst i stortingsvalåret 2025. Over lengre tid har fylkeslaget medlemsvekst. Ved utgangen av

2019 var medlemstalet 1982. I SV kjem utmeldingane i hovudsak av tre årsaker: Aktiv utmelding (47,71 %), ikkje betalt kontingent (49,68 %) og naturleg avgang (2,61 %).

Det er Sogndal SV som utmerkar seg på medlemsverving. Laget har 100 betalande medlemmer og ein auke på heile 11 medlemmer. Det er eit veldig solid arbeid. Det er også kjekt å sjå at Ullensvang SV og Voss SV begge har auka med 6 medlemmer. Askøy SV auka med 4 og Kvam SV med 3 fleire betalande medlemmer.

Det er viktig for oss at dei små lokallaga også veks. Comeback-laget Luster SV har nesten dubla seg frå 5 til 9 medlemmer, Solund SV har auka frå 4 til 6 og Eidfjord SV har auka frå 8 til 10. Sjølv om Bergen SV har størst nedgang, så har laget over halvparten av medlemmene i Vestland SV (51,59 %). Sjå vedlagt tabell med oversikt over talet på medlemmer i 2022 og 2023 fordelt på lokallag.

16) Lokallag

Vestland fylke har 43 kommunar. Vestland SV har 31 aktive lokallag fordelt på 31 kommunar. Av desse lokallaga er det 30 som har representasjon i kommunestyret. For Vestland SV er det viktig å halde tett kontakt med lokallaga. I denne arbeidsperioden har ikkje fylkesstyremedlemmene hatt faste lokallag å følgje opp, slik som under den tidlegare fadderordninga. Det har vore kontakt med enkelte lag når det har vore behov for det, og spesielt i valkampen var det direkte kontakt med lokallaga. Under valkampen fordelte fylkesstyret laga seg imellom for oppfølging.

Det er stor spennvidde i kva type lokallag Vestland SV har. Det største lokallaget har over halvparten av medlemmene i fylkeslaget, medan dei minste lokallaga har berre nokre få medlemmer. Fylkesstyret meiner det er viktig å halde fram arbeidet med å styrke lokallaga. Bergen SV, det største lokallaget, har i 2023 fullført prosjektet med å starte bydelslag i alle bydelar. Dette er verkeleg eit stort løft, som framleis krev mykje oppfølging. Gjennom dei 11 bydelslaga vert det no organisert meir aktivitet tettare på medlemmene. I valkampen var strukturen med bydelslag avgjerande for at Bergen SV kunne halde eit så høgt aktivitetsnivå.

I 2023 har Luster SV etablert seg som eit aktivt lag kom inn att i kommunestyret etter fleire periodar utanfor. Vi har framleis ikkje etablert eit aktivt lokallag i Etne, men det er ein aktiv kontaktperson og det vart markering i høve Etnemarknaden.

17) Listestilling til kommunevalet

Gjennom hausten 2022 vart det arbeidd med fleire kommunar der det var langt att til vi hadde ei liste klar. Det arbeidet fortsette ut på nyåret. I 2023 var det organisasjonskonsulent **Sigrid Sandal** som leidde arbeidet frå fylkeskontoret saman med fylkesleiar **Hege Lothe**. Vi hadde også fordelt nokre oppgåver mellom fylkesstyremedlemmene, men i dette arbeidet stod fylkeskontoret sentralt. Det vart

tidleg klart at det kunne gå vegen i Luster, medan det i fleire andre kommunar stod mykje meir att. Etne og Aurland var kommunar vi hadde høgt oppe på ynskjelista, men der det ikkje laga seg med listekandidatar.

Organisasjonskonsulent **Sigrid Sandal** gjorde eit svært iherdig og godt arbeid for fylkeslaget med listestillingsarbeidet. Det blei mange telefonar og mange å inspirere til å ta i eit tak for partiet. Særleg i perioden etter landsmøtet i midten av mars la Sigrid saman med **Aslak Owren** ned ein formidabel innsats for å sikre dei siste listene. Dei strekte seg langt for å skaffe nok og rette kandidatar. Dette er arbeid som krev mykje tid og energi, og det er slett ikkje gitt at ein får «betalt» for innsatsen.

Både Austevoll, Austrheim og Bremanger vart landa nær inn mot fristen, og der var fylkessekretær og organisasjonskonsulent avgjerande for at det faktisk vart liste. Det var gledeleg at vi auka talet på kommunar vi stilte liste i. Vi enda på å stille 32 lister og såleis var vi med bidrog til å nå det nasjonale målet som SV hadde.

18) Valkampgruppa for fylkestingsvalet

Valkampgruppa vart sett ned 9. mars og bestod av følgjande medlemmer:

- **Marthe Hammer**, leiar
- **Hege Lothe**, leiar og kandidat
- **Jonas Aleksander Foldnes**, nestleiar, arbeidsutvalet
- **Rafael Cobo**, nestleiar, arbeidsutvalet
- **Åsmund Berthelsen**, kandidat
- **Marianne Sæhle**, kandidat
- **Alexander Papas**, kandidat
- **Aslak Owren**, fylkessekretær
- **Sigrid Sandal**, organisasjonskonsulent, vart innkalla når det trengst
- **Sara Bell**, økonomiansvarleg, med tale- og forslagsrett

19) Gjennomføring av valkampen

Valkampgruppa byrja raskt arbeidet med å leggje den politiske strategien for valkampen. Det organisatoriske opplegget for valkampen var lagt i ei dreiebok som var laga gjennom vinteren. Ei av oppgåvene til valkampgruppa var å få tilsett grafisk formgjevar, planleggje økonomi, fordele frikjøp og planleggje det praktiske og organisatoriske arbeidet i framkant av valet. Valkampgruppa hadde fleire møte før sommaren. I den intensive valkampen hadde gruppa som regel faste digitale møte kvar morgon frå klokka ni, og nokre møte på anna tidspunkt der det var naudsynt. Møta vart leia av gruppeleiar eller fylkesleiar.

Materiellproduksjon

Ei av hovudoppsummeringane etter førre fylkes- og lokalvalkamp var at vi måtte finne ei løysing som gjorde at fylkesflygebladet også vart delt ut, ikkje berre det lokale

flygebladet. Løysinga på dette problemet var å lage eit felles flygeblad, der lokallaga og fylkeslaget delte på å betale trykkeutgiftene, og der fylkeslaget stilte med eigen grafisk designar som utførte formgjevinga. Planen vart fyrst skissert i den før nemnde dreieboka som la opp dei organisatoriske rammene for valkampen. Denne dreieboka vart laga med to frå Bergen SV og to frå Vestland SV, for å sikre eit breiast mogleg perspektiv. Løysinga med delt flygeblad vart presentert på dag 2 på nominasjonsmøtet i Sogndal i november 2022. Då var det laga til og kopiert opp ein eigen «dummy» for korleis dette skulle gjerast. Ideen fekk stor tilslutning, og det vart klargjort at fylkeslaget og lokallaga ville arbeide vidare med denne løysinga.

Bergen SV og Lærdal SV valde å stå utanfor dette samarbeidet. Dei andre laga takka ja til felles flygeblad. Sjølv om det ikkje vart felles flygeblad med Bergen SV, var det fire bydelslag i Bergen som ville ha eit slikt samarbeid. Vestland SV takka ja til dette, og det vart såleis laga felles flygeblad med bydelsslaga Sydneshalvøen, Åsane, Dalen og Sandviken-Fjellsiden.

Natasha Alijeva vart tilsett som grafisk formgjevar og ho byrja i arbeidet i mai. Då laga ho ein mal som vart sendt til alle lokallaga, der dei skulle skrive sin tekst for fire sider. Fylkeslaget på si side skreiv tekst for fire sider. Det var eit formidabelt arbeid å lande eigne sider, men også å få ferdigstilt lokallagsdelen. Nokre lag tykte dei fekk sine flygeblad seint, men hovudinstrykket var at laga stort sett var nøgde. Kvaliteten på flygeblada vart veldig god, og samla inntrykk var veldig mykje betre enn tidlegare. Lokallaga fekk god hjelp både med utforming, bilete og tekst. Nokre lokallag fekk veldig mykje hjelp med tekst, men dei fleste ordna tekst sjølve. Alle laga ordna stort sett med bilete.

Fylkeslaget sparte seg ein del trykkeutgifter, som då heller vart brukt på å ha formgjevar i arbeid. Vi sparte oss også for ein del logistikkarbeid ved å sleppe å ha eitt eller to opptrykk av eit fylkesflygeblad som så skulle spreia utover fylket. No vart denne logistikkjobben gjort av lokallaga. Lokallaga sparte også trykkekostnader, slik at dei kunne bruke meir på andre delar av valkampen. Sist, men ikkje minst, så visste vi at fylkeslaget sitt materiell blei delt ut. I Bergen trykte vi 45 000 særskilte fylkesflygeblad, og berre 15 000 av desse vart delt ut. Samtidig sørge fire bydelar åleine for at 20 000 eksemplar vart delt ut av fellesflygeblada for fylket og bydelane.

Økonomi og frikjøp

Før valkampen hadde vi ein fast tilsett fylkessekretær som var ny i stillinga frå 1. mars 2023, og ein fast tilsett organisasjonssekretær som normalt deler tida likt mellom Bergen SV og Vestland SV. Etter avtale med Bergen SV arbeidde ho i hovudsak for fylkeslaget frå nyttår til utgangen av mars. Til gjengjeld skulle ho berre arbeide for Bergen SV frå 1. august og ut valkampen. **Marthe Hammer** var frikjøpt i si rolle som gruppeleiar, medlem i fylkesutvalet og nestleiar i utval for samferdsel i Vestland

fylkesting og kunne såleis gå inn i valkampen med full kapasitet. Det kunne også **Åsmund Berthelsen** som er pensjonist.

Det vart deretter bestemt at **Marianne Sæhle**, 3. kandidat, skulle frikjøpast på heiltid i fire veker, medan 4. kandidat **Alexander Papas** fekk frikjøp som sommarjobb. Det passa best med hans livssituasjon, og gjennom sommaren tok han ansvar for sosiale medium. 5. kandidat **Hege Lothe** fekk tre veker frikjøp fordelt utover siste del av valkampen. I ettertid syntet seg at ho måtte leggje inn mykje ekstra jobb for å få ferdigstilt materiellproduksjonen, så ho fekk to veker ekstra frikjøp av fylkestingsgruppa. I tillegg var **Natasha Alijeva** tilsett i ein kortare periode for å få ferdig med materiellproduksjonen.

Mediearbeidet

I valkampstrategien vart NRK, Bergens Tidende og Bergensavisen peika ut som media det er vanskeleg å få oppslag i, men viktige å prioritere. **Marthe Hammer** skulle vere særleg aktiv i å søke oppslag hjå desse. Vidare var det eit utpeikt mål å kome på i ulike lokalaviser, særleg i form av felles oppslag saman med lokale toppkandidatar. 21 % av oppslaga våre kom hjå dei tre utpeikte medieaktørane Bergens Tidende, Bergensavisen og NRK.

Marthe Hammer har fått klart flest oppslag. **Åsmund Berthelsen** og **Hege Lothe** skil seg også ut med vesentleg fleire oppslag enn resten. Dei var begge toppkandidatar i sine heimkommunar, og har difor også fått mange av sine oppslag i denne rolla. Det overordna biletet er at vi har fått 404 nyhendeoppslag i den lange valkampen. Totalt fekk dei lokale toppkandidatane våre i Vestland 1027 oppslag i same periode (inkludert **Åsmund Berthelsen** og **Hege Lothe**).

Våre toppkandidatar har vore til stades i media, og har fått god dekning i store delar av fylket. Ei oversikt i vedlegg til fylkestingsgruppa si årsmelding viser at det var mange medieoppslag på SV sine hovudsaker i denne valkampen, som til dømes kraft og industripolitikk i Kvinnherad, nasjonalparkplan i NRK, rassikring av Tokagjelet i BT og Hordaland Folkeblad, meir rettferdig inntaksmodell i BT og BA, tannhelse i BT, BA og NRK, cruisetrafikk i Fjordenes Tidende og Fjordabladet, og ei rekkje andre små og store oppslag etter utspel innafør fylkesprogrammet sine hovudområde.

Reiser i valkampen

På førehand vart det avklart at toppkandidatane skulle dele fylket mellom seg. **Marthe** måtte som toppkandidat vere førebudd på å reise der det var viktigast å vere. **Åsmund** skulle prioritere Sogn og Fjordane, men hadde heile fylket som nedslagsfelt. **Marianne** skulle prioritere Bergensområdet, Nordhordland og Voss, **Alexander** skulle prioritere Sunnhordaland og **Hege** skulle prioritere Sogn og Fjordane.

Det vart noko reiseverksemd knytt til debattmøte og konkrete tilskipingar for kandidatane. **Marthe Hammer** var tydeleg til stades i valkampen i Bergen. I tillegg var ho med på reisa til **Lars Haltbrekken** til Hardanger, med **Kirsti Bergstø** til Nordfjord, Sunnfjord, Voss, Kvam, Askøy og Osterøy, med **Birgit Oline Kjærstad** til Stad, Kinn og Gloppen og med **Marian Hussein** i Bergen. Ho hadde også eigne reiser til Sunnfjord, Sogn og Hardanger.

Åsmund Berthelsen hadde mykje reiseverksemd i Sogn og Fjordane, og var med på **Audun Lysbakken** si reise til Kinn og Bremanger. **Marianne Sæhle** hadde hovudaktiviteten i og rundt Bergen. Ho hadde dessutan ein tur til Gulen, ho følgde **Marian Hussein** frå Førde til Bergen, ho hadde ein tur til Sogn og Sunnfjord og ein tur til Sunnhordaland og Hardanger siste veka av valkampen.

Hege Lothe reiste ein tur til Voss og ho følgde **Kirsti Bergstø** til Gloppen, Luster, Sogndal og Lærdal. Ho hadde elles mange reiser i Sogn og Fjordane, blant anna til Askvoll, Fjaler, Solund og Vik. Ho møtte elles **Birgit Oline Kjerstad** i Gloppen. **Alexander Papas** drog til Førde om sommaren for å vere med i Pride-markering. Han reiste elles mykje i Sunnhordland. Han hadde også fleire valkampaktivitetar i Bergen og spela ei sentral rolle i høve Etnemarknaden.

I løpet av valkampen reiste **Marthe Hammer**, **Marianne Sæhle**, **Alexander Papas** og fylkessekretær (som hadde ansvar for å halde reiseruta) på fleire stands-laurdag-rundturar. Dette vart først testa ut i Bergen 19. august, då dei vitja stands i sju bydelslag. Dette var eit vellukka tiltak som skapte god stemning og godt innhald i sosiale media. Laurdag 26. august var reiselaget innom Alver, Vaksdal og Øygarden. Det vart godt teke imot.

Fylkestingsgruppa hadde som mål å delta på alle debattar som vi vart inviterte på, og det meiner vi at vi klarte å gjennomføre.

Samarbeid med SU

Vestland SU tok ansvar for skulevalkampen. Dei gjorde ein veldig stor innsats og fekk veldig mange gode valresultat på fleire av skulane. Dei tok kontakt når dei trong hjelp med logistikk, og då hjelpte vi så godt vi kunne.

Støtte til forhandlingar

I år fekk vi til å lage eit støtteopplegg for dei folkevalde og lokallaga som stilte til val. Kvelden før valdagen var det grundig gjennomgang av **Leif Longvanes** i digitalt møte som hadde veldig godt oppmøte. I tillegg var det er forhandlingskorps med **Leif Longvanes**, **Steinar Nørstebø** og **Magne Aardal** som kunne ringast til.

Valresultat

Sett under eitt har SV gjort eit godt val i Vestland. Saman med Nordland gjekk

Vestland SV mest fram i fylkestingsvalet nasjonalt. På tvers av kommunane gjekk vi fram 1,4 prosentpoeng, og det same gjorde vi i fylkestingsvalet. Det er nedgang i valdeltakinga, likevel har vi ein tydeleg vekst i talet stemmer. Vi har framgang i 20 av dei 32 kommunane der vi stilte liste, og går frå å ha 55 til 69 lokale folkevalde. Vi er også vald inn i to fleire kommunar enn i førre valperiode, med Tysnes og Luster som nye kommunar. Vi har etter valet også ei eiga SV-gruppe i Kvinnherad, der vi tidlegare har stilt fellesliste med Raudt.

20) Besøk frå partikontoret og Stortinget gjennom året

I framkant og gjennom valkampen var det fleire besøk til Bergen og resten av fylket. Dette er omtala i valkampdelen. I tillegg har vi fått nokre besøk som har vore knytt til andre oppdrag.

Miljøpolitisk utval fekk besøk av **Arne Nævra** 4. mai og stortingsrepresentant **Lars Haltbrekken** 25. september. Partileiar **Kirsti Bergstø** kom på vitjing 17. oktober og heldt innleiing om statsbudsjettet på Vestlandshuset i Bergen. Ho heldt også appell på Torgallmenningen dagen etterpå på eit arrangement i regi av Palestinakomiteen.

Den 1. desember kom **Grete Wold** til Bergen. Ho hadde ein lang møtedag med utdanning som emne, der ho også vitja Raftostiftinga. Det vart også invitert til møte om utdanningspolitikk med **Grethe Wold** og **Åsmund Berthelsen** på fylkeskontoret.

Stortingsrepresentant **Andreas Skjalg Unneland** har vore på besøk til årsmøtet i Sogndal SV og Øygarden SV. Partisekretær **Audun Herning** har vore på besøk til årsmøtet i Ullensvang SV.

21) Pressearbeid gjennom året

Etter fylkesårsmøtet gjekk det ut eiga pressemelding med informasjon om attvalet av Hege Lothe som fylkesleiar og dei andre vala som vart gjort. Sidan det har vore eit år med lokalvalkamp, har det vore viktigare at kandidatar til kommunestyre og fylkesting markerte seg, enn at fylkeslaget skulle gjere det, og prioriteringane har vore deretter.

22) Sosiale media

Vestland SV prioriterer å vere til stades og aktive på Facebook og Instagram. Sosiale media er viktige kommunikasjonskanalar ut til veljarar, presse, medlemmer og motstandarar. Vi møter både våre eigne, folk som kan bli samde med oss og meiningsmotstandarar der. Bilete, filmar og saker på sosiale media er viktige for å skape både samkjensle og kveik i eigen organisasjon, og få ut kunnskap og argument for våre saker.

Facebook

Fylkeslaget har publisert mykje innhald på Facebook-sida i 2023, og rekkevidda har

vore god. I løpet av året har vi til dømes fått 97 355 visningar (opp 204,9 prosent samanlikna med 2022) og 10 621 profilbesøk (opp 181,1 prosent i høve til 2022). To tredelar av trafikken på sida er organisk, det vil seie driven av åtferd frå brukarar. Resten kjem som følgje av våre annonser (som var fleire på grunn av valår). Ved utgangen av året hadde sida 3643 følgjarar. Det er ein netto oppgang på 205 gjennom året, og 204,9 % større vekst enn i 2022.

Instagram

Fylkeslaget har publisert ein del innhald på Instagram-sida i 2023, ofte som parallellpublisering med Facebook. Rekkevidda er beskjeden, men vesentleg. I løpet av året har vi fått 9405 visningar (opp 244,5% samanlikna med 2022) og 667 profilbesøk (opp 74,6 prosent i høve til 2022). Berre ein firedel av trafikken på sida er organisk, resten kjem som følgje av våre annonsar. Det burde altså vore meir aktivitet frå brukarar. Ved utgangen av året hadde sida 885 følgjarar. Det er ein netto oppgang på 61, og utgjør knapt ein knapp tredel av veksten i 2022.

23) Arbeidsplan for Vestland SV

Arbeidsplanen vi arbeider etter no vart vedteken på fylkesårsmøtet i 2021 og oppdatert på fylkesårsmøta i 2022 og 2023. Det var difor eit ynskje å få ein større og grundigare gjennomgang. I år vart nemnda leia av **Jonas Aleksander Foldnes**, politisk nestleiar i Vestland SV (Øygarden). Med seg i nemnda hadde han **Kristin Hartvedt** (Bergen) og **Silje Nordtveit Olsen** (Kvinnherad) frå fylkesstyret, og **Audun Syltevik** (Bergen), **Kai Øystein Søvde** (Luster) og **Maximilian Leversund-Ulstein** (Osterøy og SU). Altså ei god blanding av by og bygd, frå Luster i nord til Kvinnherad i sør.

Nemnda byrja arbeidet med eit fyrste møte kor ein diskuterte kor lang planen skulle vere, kva som skulle stå i han og moglege satsingsområde med meir, i tråd med ynsket om å få ein større og grundigare gjennomgang. I byrjinga gjekk nemnda inn for å lage to arbeidsplanar i ein, altså ein 1-årsplan og ein 4-årsplan som skulle verte revidert kvart år. Slik fekk ein ha både kortsiktige og langsiktige briller på. Samtidig vart det vurdert å setje fast 3-5 hovudprioriteringar. Begge desse tiltaka gjekk nemnda bort ifrå, fyrstnemnde grunna tidmangel og fordi skiljet mellom 1-årsplanen og 4-årsplanen vart noko uklart, og sistnemnde grunna eit større ynskje om å korte ned på teksten generelt. Neste arbeidsplannemnd kan vurdere tiltaka om dei vil.

Gjennom dei påfølgande møta (totalt 5) fekk nemnda utarbeidd ein ny arbeidsplan med ein ny struktur, meir presist språk og prinsippet om at eit tiltak hovudsakleg skal vere knytt til eit verv/organ. Det var mykje godt innhald i førre plan. Ein del av det vart teke med i den nye, men mykje tekst vart fjerna for å skape friare rammer. Nokre satsingsområde fekk utdjupa detaljane. Arbeidsplanen vart deretter behandla i fylkesstyret og lagt fram for årsmøtet 2024.

24) Økonomi

Fylkeslaget har solid egenkapital og ein god økonomisk situasjon. Vi legg opp til underskot i valår og overskot i åra mellom. Det overordna biletet er at budsjettet på fleire poster har treft godt. Det er særleg bra at pengebruken i valkampen har vore under kontroll. Resultatet er likevel dårlegare enn budsjettert. Det handlar om balansen mellom inntekts- og utgiftssida. På inntektssida er det kome inn mindre enn budsjettert på medlemspengar, partiskatt, autogirogåver og diverse. På partiskatt kjem ein korleksjon, men med verknad for 2024-rekneskapen. Det største avviket er «diverse»-posten. Her var det skissert at vi etter søknad skulle få inn 115 000 kroner i valkampstøtte frå mellom anna organisasjonsfondet.

Fylkesstyret vil gjerne arbeide endå meir med å få inn inntekter til laget. Promotering av autogirogåver vil vere særleg viktig i denne samanhengen, og vil dessutan tene lokallaga. Gjevaren gjev faste bidrag eller enkeltbeløp. Pengane vert fordelte med halvparten til fylkeslaget og halvparten til lokallaget til gjevaren.

På utgiftssida har fylkeslaget i hovudsak treft godt. Dei største avvika kjem frå posten fylkesårsmøte, der det i budsjettet vart lagt opp til ein nettokostnad på 75 000 kroner, medan den reelle kostnaden vart nærare 175 000 kroner. Elles har vi fleire utgifter på posten drift/rekvisita enn budsjettert. Dette kjem i hovudsak av at vi gjekk til innkjøp av ei datamaskin då ny fylkessekretær byrja i jobben, og investerte i noko IKT-utstyr til dei tilsette. I det litt større biletet har utgiftene til husleige, kontor og straum auka ein del dei siste åra.

Det er fylkessekretær **Aslak Owren** som fører rekneskapen. Han har hatt eit godt samarbeid med økonomiansvarleg om den daglege økonomidrifta, og den økonomiske styringa er god.

*Vil du gje eit økonomisk bidrag? Gå inn på: <https://shop.kviq.no/sosialistisk-venstreparti>

25) Stortinget og Vestland SV

Fylkesstyret melder inn våre budsjettprioriteringar til stortingsgruppa før kvar statsbudsjett-handsaming. Vårt inntrykk er at dette vert lytta til. I framkant av NTP-handsaminga har fylkesstyret meldt inn kva som er våre prioriteringar.

Stortingsrepresentant **Audun Lysbakken** har jamleg kontakt med fylkeslaget, spesielt framfor viktige saker for oss. Han er vald inn for Hordaland valkrins, men er oppteken av å ha syn for interessene til heile fylkeslaget. På landsmøtet i mars gjekk Audun av som partileiar. Etter dette har han hatt høve til å delta meir på fredagsmøta som går kvar veke, og der fylkeskontoret, gruppeleiarane i bystyret i Bergen og i fylkestinget, og lokallaget i Bergen med fleire deltek.

26) Samarbeid med fylkestingsgruppa

Fylkestingsgruppa lagar sin eigen rapport for sitt arbeid, og den gjev ei grundig analyse av dei viktigaste sakene dei har arbeidd med og kva slags politisk handlingsrom dei har. Gruppeleiar på fylkestinget, **Marthe Hammer**, er medlem i fylkesstyret og deltek i alle møta. Ho har ein fast post der ho informerer fylkesstyret om dei viktigaste og mest aktuelle sakene.

Dei fem fylkestingsmedlemmene har delt seg i fire fraksjonar, og desse har fraksjonsmøte framfor møta i utvala. Det er samferdsle, opplæring, kultur og næring. Tidlegare har vi hatt ei folkevaldsamling der både fylkesstyret, fylkestingsgruppa, lokallaga og kommunestyrerepresentantar har møtt kvarandre. Det er viktig at vi held fram å få til slike felles møtepunkt mellom oss.

Fylkesstyret vil rette ein stor takk til heile fylkestingsgruppa og ein ekstra takk til gruppeleiar **Marthe Hammer** som gjer ein formidabel innsats for oss. Ho profilerer SV godt utetter, og ho er god til å lytte og finne løysingar innetter.

27) Støtte til markeringar

Streik i mellomoppgjeret: Vestland SV uttrykte støtte til dei streikande i LO. Lønna må bli avgjort av partane, og ikkje av dei folkevalde. Å gå til streik er ei grunnleggjande demokratisk rettigheit og verkemiddel, med lang tradisjon i Noreg. Denne retten stør vi.

Bybane-markeringar: SV har vore synleg til stades på fleire markeringar for bygging av bybanen i Bergen.

Fosen-markeringar: Nestleiar **Jonas Aleksander Foldnes** var med på Fosen-markering i Oslo.

Palestina-demonstrasjonar: Det har vore store markeringar til støtte for Palestina og for å få slutt på krigen i Gaza gjennom hausten og vinteren, ikkje minst i Bergen, der partileiar **Kirsti Bergstø** heldt appell på ein av dei. Også **Sara Bell** og **Mikkel Grüner** har halde appellar. I tillegg har det vore fleire markeringar på gata og i fylkesting og kommunestyre over heile Vestland.

Pride-markeringar: I 2023 har Vestland SV og lokallaga våre, somme tider i ein kombinasjon, vore med på å markere Pride i fleire deler av fylket enn nokon gong tidlegare. SV var til stades i Bergen, Førde, Sogndal, Stord, Uskedalen, Bjørnafjorden, Gloppen og Kvinnherad.

28) Samarbeid med Bergen SV

Vestland SV og Bergen SV har eit godt samarbeid. Vi har felles kontor og delinga av

konsulenten skaper eit naturleg bindeledd mellom laga. Med kontorstad i Bergen har også lokallagsleiar vore tett på sekretariatet i det daglege, noko som er ei stor styrke for laget og drifta. Lokallagsleiar **Audun Syltevik** er med på fredagsmøta på kontoret. På desse møta deltar både heiltidsrepresentantar frå bystyregruppa, sekretær for bystyregruppa, fylkessekretæren og gruppeleiar på fylkestinget, **Marthe Hammer**. Her vert det utveksla informasjon mellom dei ulike aktørane.

29) Felles AU+AU-møte med Bergen SV

I november hadde vi eit fellesmøte med arbeidsutvalet i Bergen SV. Der fekk vi drøfta kva aktivitetar vi planlegg, tilskipingar vi bør arbeide meir saman om og felles økonomiarbeid til nytte for begge laga. Det var semje om at slike AU+AU-møte er veldig nyttige for begge partar og det vil vi halde fram med.

30) Samarbeid med Vestland SU

Vi deler fylkeskontor med Vestland SU. Om lag to gonger i året har vi møte der vi fortel kvarandre kva vi arbeider med og drøftar det vi er saman om. Den store arbeidsoppgåva siste året har vore skulevalkampen der Vestland SU hadde styringa, og der vi frå Vestland SV bidrog med det vi vart bedne om. Det er viktig for oss å ha eit godt samarbeid med SU og det tykkjer vi at vi har, sjølv om det hadde vore fint med endå fleire felles møtepunkt gjennom året.

31) Oppsummering

Lokalvalkampen gav oss eit løft i fleire kommunar og vi auka talet på kommunar der vi har tillitsvalde. Sjølv om vi også mista nokre posisjonar i samband med valet, så vart det framgang for oss på fylkestinget. Det viktigaste resultatet der var at vi fekk leiar i hovudutvalet for opplæring.

Fylkesstyret meiner fylkeslaget totalt sett arbeidde godt med å stille lister til kommunestyrevala. Vi hadde eit rekordhøgt tal lister. Vi la ekstra mykje ressursar inn i produksjon av materiell. Dette gjorde at vi sikra utdeling av flygeblad med fylkespolitikk over heile fylket, og dei lokale flygeblada vart tidlegare ferdig enn tidlegare år. Kvart enkelt lokallag fekk dessutan hjelp til å bli ferdige.

Fylkesstyret har arbeidd med folkevaldoppfølging og ynskjer å bli endå betre på dette i det komande året. Vi trur vi har ein del att også på skulering og samlingar mellom lokallaga. Vestland SV hadde ein aktiv delegasjon på landsmøtet og vi er godt representert i sentrale partiorgan.

Vi har god økonomistyring, men bør arbeide endå meir med å skaffe fleire inntekter til fylkeslaget og lokallaga. Vi bør også arbeide endå meir med kommunikasjonen mellom lokallag og fylkeslag. Når fylkeslaget sender ut spørsmål til lokallaga om innspel, er det viktig for partidemokratiet å få innspel både frå små og store lag.

876 Vi har fått ny fylkessekretær i **Aslak Owren**. Han og **Sigrid Sandal** har jobba seg
877 godt gjennom året. Det er spennande å få nye tilsette og vi er godt nøgde så langt. Vi
878 ser fram til vidare arbeid saman.

879
880
881
882
883
884
885
886
887
888
889
890
891
892
893
894
895
896
897
898
899
900
901
902
903
904
905
906
907
908
909
910
911
912
913
914
915
916
917
918

Vedlegg

Resultat i kommune- og fylkestingsvalet i Vestland 2023

Kommune	Kommune: Prosent m. endring i PP	Kommune: Stemmer m. endring	Kommune: Mandat m. endring	Fylke: Prosent m. endring i PP	Fylke: Stemmer m. endring
Alver	3,7 (+0,4)	549 (+35)	****2 av 41 (+0)	3,9 (+0,8)	545 (+85)
Askvoll	11,8 (+3,8)	173 (+47)	3 av 21 (+1)	7,1 (+2,3)	94 (+24)
Askøy	8,4 (+2,7)	1 184 (+364)	3 av 35 (+1)	7,3 (+1,5)	960 (+199)
Austevoll	1,8 (-1,4)	50 (-37)	****0 av 21 (+0)	2,2 (-0,6)	56 (-14)
Austrheim	2,6 (-1,2)	37 (-17)	0 av 17 (+0)	3,0 (-0,1)	37 (-3)
Bergen	10,0 (+1,4)	14 715 (+1 771)	7 av 67 (+1)	10,4 (+1,9)	14 519 (+2 244)
Bjørnafjorden	4,2 (+1,2)	560 (+169)	2 av 35 (+1)	4,2 (+0,6)	525 (+89)
Bremanger	3,8 (-1,9)	70 (-45)	1 av 23 (+0)	4,7 (-0,1)	77 (-10)
Bømlo	3,4 (-0,6)	212 (-33)	1 av 27 (+0)	3,2 (-0,3)	185 (-5)
Eidfjord	15,2 (+5,0)	84 (+31)	3 av 17 (+1)	10,3 (+4,2)	19 (-8)
Fjaler	9,6 (+1,7)	134 (+18)	2 av 23 (+0)	6,8 (+1,0)	89 (+8)
Gloppen	8,1 (+3,1)	257 (+96)	2 av 27 (+1)	8,0 (+3,9)	239 (+113)
Høyanger	5,1 (-0,6)	111 (-15)	1 av 21 (+0)	5,1 (+1,3)	101 (+23)
Kinn	6,0 (+2,1)	474 (+152)	2 av 39 (+0)	4,5 (+0,4)	322 (+13)
Kvam	4,0 (+0,0)	187 (+5)	1 av 27 (+1)	4,5 (+0,7)	188 (+30)
Kvinnherad**	8,2 (+8,2)	528 (+528)	3 av 35 (+3)	5,3 (+1,6)	298 (+88)
Luster*	4,8 (+4,8)	139 (+139)	1 av 25 (+1)	4,1 (+1,2)	106 (+28)

Kommune	Kommune: Prosent m. endring i PP	Kommune: Stemmer m. endring	Kommune: Mandat m. endring	Fylke: Prosent m. endring i PP	Fylke: Stemmer m. endring
Lærdal	11,1 (-1,4)	131 (-20)	2 av 17 (+0)	6,1 (+1,7)	61 (+14)
Osterøy	4,1 (-2,7)	179 (-115)	1 av 27 (-1)	4,8 (+0,6)	187 (+24)
Sogndal	11,8 (+1,7)	740 (+103)	4 av 31 (+0)	9,9 (+2,0)	558 (+93)
Solund	7,6 (+3,3)	30 (+11)	1 av 15 (+0)	3,1 (-0,6)	11 (-4)
Stad	4,8 (-0,5)	227 (-39)	1 av 31 (-1)	4,3 (+0,3)	184 (-7)
Stord	8,4 (+2,4)	775 (+222)	3 av 35 (+1)	7,7 (+2,0)	657 (+178)
Sunnfjord	13,6 (+4,6)	1 497 (+495)	5 av 37 (+1)	11,1 (+3,3)	1 145 (+309)
Sveio	3,5 (-1,7)	104 (-46)	1 av 25 (+0)	4,3 (+0,0)	108 (+1)
Tysnes*	12,8 (+12,8)	213 (+213)	3 av 21 (+3)	8,5 (+6,3)	125 (+94)
Ullensvang	2,9 (+0,0)	172 (-9)	1 av 33 (+0)	4,3 (+1,3)	210 (+47)
Ulvik	11,1 (-1,6)	69 (-13)	2 av 17 (+0)	8,8 (+1,6)	49 (+9)
Vaksdal	12,4 (-5,8)	268 (-142)	3 av 21 (-1)	8,8 (+1,1)	170 (+12)
Vik	6,2 (+1,7)	86 (+21)	1 av 17 (+0)	3,9 (+1,0)	46 (+12)
Voss	12,1 (+5,6)	993 (+457)	5 av 43 (+2)	10,0 (+4,1)	753 (+306)
Øygarden	4,4 (-0,8)	816 (-121)	2 av 45 (+0)	4,5 (-0,5)	784 (-54)
Totalt***	7,9 (+1,4)	25 764 (+4 225)	69 (+14)	7,8 (+1,4)	23 733 (+3 981)

* Ny liste ved kommunevalet i 2023.

** Felles liste med Raudt i 2019. Resultata då var 8,8 %, 560 stemmer, og 3 mandatar.

*** Medrekna Aurland, Etne, Fedje, Fitjar, Gulen, Hyllestad, Masfjorden, Modalen, Samnanger, Stryn og Årdal. Vi stilte ikkje liste i desse kommunane.

**** Mandatendringar sidan 2019: 6 færre i Alver, og 6 fleire i Austevoll.

924
925
926
927
928
929

930 **Medlemstal 2022 og 2023 med endring, fordelt på lokallag**

931

Lokallag	Medlemstal 31.12.23	Medlemstal 31.12.22	Endring
Alver SV	38	36	-2
Askvoll SV	15	15	0
Askøy SV	67	63	+4
Austevoll SV	10	14	-4
Austrheim SV	7	6	+1
Bergen SV	1 084	1 136	-52
Bjørnafjorden SV	47	51	-4
Bremanger SV	8	8	0
Bømlo SV	22	23	-1
Eidfjord SV	10	8	+2
Fjaler SV	25	23	-2
Gloppen SV	34	33	+1
Høyanger SV	13	14	-1
Kinn SV	42	41	+1
Kvam SV	25	22	+3
Kvinnherad SV	26	26	0
Luster SV	9	5	+4
Lærdal SV	23	21	+2
Osterøy SV	19	19	0
Sogndal SV	100	89	+11
Solund SV	6	4	+2
Stad SV	47	45	+2
Stord SV	65	63	+2
Stryn SV	3	3	0
Sunnfjord SV	78	77	+1
Sveio SV	24	24	0
Tysnes SV	18	17	+1
Ullensvang SV	34	28	+6
Ulvik SV	12	11	+1
Vaksdal SV	28	30	-2
Vik SV	12	11	+1
Voss SV	71	65	+6
Øygarden SV	58	56	+2
Medlem utan lokallag	21	23	-2
Totalt	2 101	2 110	-9

932

Årsmelding 2023

Fylkestingsgruppa Vestland SV



4.februar 2024, Alexander Papas, Marianne Sæhle, Marthe Hammer, Åsmund Berthelsen og Hege Lothe

Nytt val og framleis i fleirtal

Det viktigaste som skjedde i 2023 var at det var fylkestingsval. I valet fekk Vestland SV 7,8, opp 1,5 %, som er dobbelt så mykje som framgangen for fylkestingsvalet for SV på landsplan. For Hordaland og Vestland er dette tredje val på rad med framgang. Valet ga oss eit ekstra mandat i fylkestinget.

Vestland SV sitt mål i valkampen var å sikre eit fleirtal der høgre ikkje hadde makta i fylket. Det klarte vi. Valresultatet gjorde at den styrande koalisjonen bestående av SV, Ap, Sp, MDG, V og KrF framleis hadde fleirtal, om enn, med berre eitt mandat overvekt. På valnatta vart ein samd om å forhandle for å kunne styre vidare i nye fire år. Etter dagar med forhandling vart ein einig både om politikk og posisjonar.

Dette er tredje perioden SV sit i fleirtal i fylket (i alle fall om ein reknar med utgangspunkt i gamle Hordaland) og SV er tredje største parti i koalisjonen. Det gir oss posisjonar og forhandlingsmakt. SV har også mellom dei mest erfarne representantane i fylkestinget og i koalisjonen, og vert lagt merke til og lytta til, og i det daglege arbeidet får vi gjennom mykje god SV politikk - og blokkerer mykje dårleg høgrepolitikk.

Samarbeidsplattforma som ein styrer på kan lesast her¹. SV sin nye representasjon i folkevalde organ, og i styrer, råd og utval er vist i Tabell 1 og i Tabell 2, mens SV sin representasjon i det gamle fylkestinget er vist i Tabell 3 og Tabell 4.



Figur 1: Pressekonferanse i Vestlandshuset etter at vi hadde komme til einigheit med Ap, Sp, KrF, V og Mdg å fortsette å styre Vestland i fire nye år.

Politisk arbeid

Hovudutval for opplæring og kompetanse

For fyrste gong har SV leiaren i eit utval. I forhandlingane fekk SV leiaren i utval for opplæring og kompetanse, og med Åsmund Berthelsen har vi fått ein svært erfaren og kunnskapsrik leiar. I førre periode var Åsmund nestleiar, no er det KrF som har dette vervet. Koalisjonen arbeidde godt saman i heile førre periode og dette gode arbeidet held fram. MDG har ikkje medlem i utvalet og møter førebels ikkje i desse møta. Koalisjonen arbeider med grunnlag i den politiske plattformen til samarbeidspartia.

Inntaksmodellen: Inntaksmodellen som vart innført i førre periode gjer at elevane i eit inntaksområde får inntakspoeng som sikrar at

¹ <https://vestland.sv.no/2023/09/13/fire-nye-ar-i-vestland/>

dei kjem inn på nærskulen om det er det dei vil – og som har det tilbodet dei søker. Særleg Høgre markerer seg framleis imot denne, og gjorde det til ei hovudsak i valkampen, mellom anna med feilaktige påstandar om kor mange som får oppfylt fyrstevalet sitt til vidaregåande skule. Dette vart tilbakevist fleire gonger i valkampen. Det er dimensjoneringa som er hovudårsaka, og at det er eit par skular som er svært populære og mange har det som fyrstevalet sitt. Det er viktig at elevane får oppfylt sine ynskje, men dei vidaregåande skulane har også som oppgåve å utdanne til nærings- og arbeidsliv. Det gløymer Høgre i sin argumentasjon for det såkalla «frie» valet. SV må arbeide for at også elevane i inntaksområdet stor-Bergen kan få gå på nærskulen. Men vi har førebels svært få med oss på det, og må jobbe vidare med det.



Figur 2: Åsmund Berthelsen vert vald som utvalsleiar i konstituerande fylkesting

Nesten full semje om tilboda

I Hovudutvalet var det full semje om utlysing av tilbodet for 2023/2024 og også om justeringa av tilbodet og inntaket hausten 2023 gjekk utan dei store diskusjonane. I samband med vedtak om utlysing av tilbodet for skuleåret 2024/2025 var det ynskje frå elevar og skular om å opprette ein del tilbod der det i utgangspunktet var lite elevgrunnlag og som eit konkurrerande tilbod til tilbod på andre skular. Det som fekk mest medieomtale var påbyggstilbodet i indre Sogn som var foreslått å legge til Årdal vgs. Sogndal med ordføraren spissen meinte det også burde lysast ut i Sogndal. Forslag om det i utvalet vart nedstemt.

Oppfylling: I Vestland er det nesten 1000 klassar ved dei 42 vidaregåande skulane – og etter inntaket for skuleåret 2023/24 er det om lag 2000 ledige plassar. Det vil seie 2 ledige pr. klasse, men med store variasjonar. Over 1000 av dei ledige plassane er i Bergensområdet. Så dette har ikkje berre å gjere med synkende folketal og elevtal i store delar av fylket. Fylket har eit mål om 85% oppfylling i klassane, men det er ikkje mogleg fullt ut, om vi skal ha eit breitt og variert tilbodet i heile fylket. Ein har byrja å sjå på økonomien knytt til klassar med låg oppfylling og trekt inn att ein del midlar. Men for SV er det viktig å halde på klassefinansiering og ikkje stykkprisfinansiering. Høgre meiner det er store summar å spare på å fylle opp klassar, men med dei summane partiet vil spare, vil det vere fare for at skular vert lagt ned. Samstundes går partiet inn for å opprette endå fleire klassar, mellom anna eit 2-årig tilbod på studiespesialisering.

Tilbodsstruktur

Arbeidet med gjennomgang av tilbudsstrukturen vart sett i gang ganske tidleg i 2023, og no er det vedteke mandat og prinsipp for vurderingane med endeleg handsaming på fylkestinget i oktober. Fleire viktige prinsipp ligg i botnen for gjennomgangen, fremje inkludering og mangfald mellom elevane og skulane, og sikre eit pedagogisk og sosialt godt tilbod til alle elevar. I botn ligg det også at ein skal halde på den desentraliserte strukturen, og det skal sikrast at flest mogleg vg1elevar skal sleppe ein ufriviljug lang reiseveg.

Elevtalsutviklinga er ulik i fylket. Medan elevtalet stig i Bergens-området opplever fleire kommunar sterkt nedgang i elevtalet. Noko som ser ut til å forsterke seg dei neste fire åra. Det enklaste og dårlegaste vegen å gå er å legge ned skular. Her må ein sjå på nye modellar for å drive vidaregåande skule. Det er viktig med samarbeid mellom skulane og mellom ungdomsskule og vidaregåande skule for å sikre at ein del mindre skular får eit tilbod som elevane ynskjer – og som gjer skulen liv laga. Nettskulen vil også vere eit viktig supplement. Denne gjennomgangen og ein ny plan for tilboda vil vere den viktigaste saka for hovudutvalet det fyrste året i perioden.

Viktige miljøtiltak: Alle dei vidaregåande skulane har no miljøkoordinatorar og alle skulane skal ha tilbod om skulefrokost. Dette er viktige tiltak for eit godt skulemiljø. Det har ei god stund vore signal om at mange ikkje trivst på skulen og mange har dårleg psykisk helse. Ungdata-undersøking for perioden 2013-2021 synte dette. Siste kvalitetsmelding for Vestland synte at fråveret mellom elevane har gått opp, og fullføringsprosenten gjekk ned siste året. Vestland fylkeskommune har ein

temaplan med auka fullføring som mål. Gjennom å lege vekt på både trivsel, inkludering, motivasjon og meistring skal ein oppnå læring/utvikling. Med grunnlag i templanen vert det kvart år vedteke eit handlingsprogram med vekt på nokre tema. Det har siste året vore tilrettelagt opplæring og overgangar. Særleg mellom ungdomsskule og vidaregåande skule er det fleire ungdommar som dett i mellom. Det må satsast vidare på å få fleire til å fullføre! Det er for mange unge som ikkje er ein del av samfunns- og arbeidslivet-


Hovudutval for samferdsle og mobilitet

Sykkel Det aller viktigaste som skjedde i 2023 var at verdas lengste sykkeltunnell til Fyllingsdalen opna. Med det har ein brytt fleire tiårs politikk i Bergen der ein konsekvent har lagt til rette for at den raskaste måten å komme seg til byen er å bruke bilen gjennom ein ny fin tunnell. Ein har også mast for å få ferdigstilt planar for sykkelveg på fylkesveg, spesielt i Bergensområdet.

Kollektiv: Etter år med reduksjon i kollektivtrafikken på grunn av korona er det svært gledeleg å sjå at kollektivtrafikken, spesielt i Bergensområdet, endeleg er over 2019. Dette viser at det har vore riktig å oppretthalde tilbodet gjennom pandemien og ikkje kutte sjølv om inntektene ikkje er heilt på ønska nivå. Eitt av grepa mot dyrtid i budsjettet for 2023 var å ikkje auke kollektivprisane, som har gjort at inntektane har blitt mindre enn ønska. Ein må ikkje gløyme at ein har mista år med auke i kollektivtrafikken, og at det derfor er viktig å legge til rette for vidare vekst. Diverre er trafikkveksten stor, og derfor er det naudsynt med meir kollektivtrafikk i kombinasjon med trafikkreduserande tiltak i byområdet. Ein hadde ambisjon om auke i busstilbodet, men

2023 var det kraftig mangel på bussjåførar, og derfor har ein vore nøydd til å sette inn tiltak for å få opp rekrutteringa, før ein kan auke avgangar og sette inn fleire bussar.

Vestland og Bergen har også funne løysingar på dei mange motsegna som fylket hadde til bybanetraseen slik at reguleringsplanen for bybanen til Åsane vart vedteken i bystyret i Bergen i juni 2023. Både administrasjon og fleirtalet støtter trase over Bryggen. Diverre ser det likevel svært mørkt ut med det nye fleirtalet i Bergen og løftebrotet frå Høgre om å ikkje ta omkamp om Bryggen.



Figur 3: Verdens lengste sykkel tunnel opna i april 2023, denne er bygd og drifta av Vestland fylkeskommune.

Nasjonal Transportplan (RTP):

Fylkestinget leverte høyringsfråsegn til NTP i fylkestinget i juni. Der har SV vore saman med eit stort fleirtal som seier at ny veg og jernbane Arna- Stanghelle og bybanen er dei viktigaste prosjekta, og at behovet for rassikringstiltak både på riksveg og fylkesveg er kritisk for Vestland. Og kampen mot Hordfast held fram, diverre i mindretal, berre SV FNB og nokon frå V valde å stemme i mot

det prosjektet. Sp, Ap og H og Frp fann saman om å prioritere Hordfast inn i fyrste seksårsperiode.

Heilevang: Vedtaka frå Regional Transportplan har vore satt i verk i 2023, deriblant har ein starta arbeidet med utbetring av rassikker og trygg veg på Heilevang.

Snøggbåtanbod: Anbudet for hurtigbåtar mellom Bergen og Nordfjord og Bergen og Sogn har vore oppe til behandling gjennom heile perioden, og tidleg på året vart det lyst ut. Derimot like før jul vart anbudet trekt, fordi regjeringa i sine signal var så utydelege på at fylke som allereie hadde lyst ut anbud IKKJE ville få kompensert meirkostnadane med å krevje nullutslepp. Så anbudet er utsett til juni 2024, i påvente av føreseielege rammevilkår for finansiering av denne overgangen til sjøs.

Utval for næring, naturressurs og innovasjon

Året starta, som det førre slutta, med behandling av diverse temaplanar, som temaplan for landbruk, temaplan reiseliv, temaplan breiband og digitalisering, og regional plan for fornybar energi.

Utval for Næring har fordelt mange midlar til næringsutvikling, dei fleste via Innovasjon Norge og SIVA.

Også 2023 blei eit krevjande år når det gjaldt diskusjonen om vasskraft, både innunder vassforvaltningsplanen og planen for fornybar energi, her er samarbeidsplattforma ikkje tydeleg nok. Fornybarplanen vart utsett til etter valet, og når det gjeld vasskraftutbyggingar så går SP ofte saman med H og FRP og sikrar fleirtal som kan peike i retning av meir utbygging av vasskraft.

I dei fleste tilfelle vert det fellesvedtak frå utvalet, men i enkelte saker leverte SV forslag saman med MDG. Disse fekk sjeldan støtte,

men vi valde likevel å markere våre standpunkt, spesielt når det kom til naturvern. Utvalet fortsatte det gode arbeidet med breibanddekninga.

Etter valet fortsette vi i posisjon. Marianne gjekk ut av utvalet og over i Opplæring, og Hege Lothe ble vår nye representant i utvalet. Etter fylkestingsvalet har ikkje samarbeidspartia fleirtal i utvalet.

Den fyrste store saka for utvalet var Temaplan for fornybar energi. Også der braut Sp med koalisjonen og i utgangspunktet sikra seg fleirtal med H, Frp og INP og Bergenslisten om auka vasskraftutbygging mot å redusere ambisjonsnivået for vindkraft. Men på oppløpet i fylkestinget klarte vi å snu INP slik at vi unngikk stor auke i ambisjonsnivå i utbygging av vasskraft, og også talfesta utbyggingsnivå på vindkraft på land.

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Det har vore og er framleis ein felles arbeidskultur i hovudutvalet, og dei aller fleste vedtaka er samrøystes. SV har egne fraksjonsmøte i forkant av møta i hovudutvalet, i tillegg til faste møte med representantane for samarbeidspartia.

Før valet var Symphorien Pombe vår representant i hovudutvalet, medan leiar var Stian Davies frå Arbeidarpartiet. Etter valet er Alexander Papas vår nye representant, medan ny leiar er Jacob Nødseth frå Venstre. Som følgje av valet har mykje av fokuset og arbeidet i dei første møta handla om å komma inn i dei områda og felta som hovudutvalet har ansvaret for. Samarbeidspartia har også blitt einige om korleis me saman vil arbeida i utvalet, og korleis me vil setja retning for å nå dei måla som er nedfelte i samarbeidsplattforma for perioden 2023-2027.

Om arbeidet i 2023

Ei av dei viktigaste oppgåvene til utvalet, er å fordela midlar igjennom tilskotsordningar. Sakene er alltid gjort godt greie for frå administrasjonen. Tilskotsordningane femnar breitt innanfor kultur, kulturformidling, kulturarv, kulturminne, museum, idrett, frivilligheit, folkehelse, inkludering og integrering. Sjølv om hovudutvalet i stor grad røyser for administrasjonen sine framlegg med mindre endringar, har det i enkelte saker vore gjort større endringar i sjølve møtet. For SV har det vore viktig å understreka viktigheita av administrasjonen sitt arbeid, samstundes som me ved slike endringar i stor grad har villa skåna tiltak retta mot barn, unge og minoritetar frå kutt.

To saker har vore særleg sentrale i 2023. Den første saka var regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035. Gjennom å arbeida fram og vedta denne planen, har fylkeskommunen no eit solid mandat i arbeidet sitt på desse områda i dei kommande åra. Planen er omfattande, set retning og peikar ut prioriteringar i korleis me vil styrkja kultur, idrett og frivilligheit i Vestland på kort og lang sikt. Den andre saka har vore reguleringsplanen for Bybanen til Åsane med vekt på kulturminne og kulturvern, og som ende med positive vedtak både i hovudutvalet og fylkestinget.

I arbeidet med fylkesbudsjettet for 2024 har det vore særleg viktig for SV sin representant å løfta fram nytt fellesmagasin for musea, støtta til skeive organisasjonar, helsehjelp for papirlause, Robin Hood-huset og Raftostiftinga.

Dei folkevalde i dette hovudutvalet får ofte invitasjonar til ulike hendingar, møte og treffpunkt. SV sine representantar har etter beste evne prioritert å kunna vera med på så mykje som mogleg. Symphorien Pombe har delteke på ei rekkje demonstrasjonar (i og utanfor fylket), Yemanedagen, Folkeakademiet sitt årsmøte, opninga av Vestlandshuset og fleire kulturhendingar av ulike slag. Alexander Papas har delteke på møte med dei skeive organisasjonane i Vestland, Skeivt Arkiv, litteraturhuset Epos,

Kulturkonferansen og Konferanse om papirlause i Vestland, i tillegg til fleire markeringar og demonstrasjonar.

Fylkesutvalet

Tannhelse

Den offentlege tannhelsetenesta ligg i fylkeskommunen, og i 2023 har vore året der rabatt til 21- og 22 åringane, og også 23- 24 åringane har blitt gjennomført, dog på ulikt vis. Marthe har også hatt interpellasjon om å styrke den fylkeskommunale tannhelsetenesta fyrst, for å unngå profitt i velferda som følgje av ein tannhelsereform utan regulering. Den skapte stort engasjement frå høgresa, men ingen frå Ap eller Sp tok ordet i debatten, og det seier kanskje sitt om kor interessert desse partia eigentleg er i ei tannhelsereform.

For SV er det avgjerande at ei tannhelsereform styrkar den offentlege tannhelsetenesta, både for å sikre dei som treng tannhelse skal få det, men også for å hindre profitt i velferden. Derfor var det svært overraskande at det i valkampen vart kjent at fylkesdirektøren hadde sendt tilbodet til 21 - 24 åringane ut på anbod. Dette er stikk i strid med politiske signal om at milliardane til ei tannhelsereform må kanaliseras til oppbygging av den offentlege tannhelsetenesta i fylkeskommunen. SV fekk stoppa det i valkampen. I etterkant av valet har vi gått med på at fylkesdirektøren har samme fullmakter til å sikre eit tilbod til 21 – 24 åringane som for alle andre offentlege grupper, men med tydelege signal om å bygge opp den offentlege tannhelsetenesta. Ein har også bedt om at ein går i dialog med SAMAN om f.eks. verksemdoverdraging. Ein har også fulgt opp forslag om å permanent legge ned tannklinikk i distriktet, slik som tannklinikken Rosendal. I valkampen hadde ein også utspel om behovet for gratis kjeveortopedi og pilot med dette i offentleg sektor.

Fylkesutvalet har også i 2023 hatt ei rekke høyringsfråsegn til kommunane sine arealplanar og samfunnsdel, samt nasjonale høyringar til behandling. Som utgangspunkt tek vi da kontakt med gruppeleiar i lokallaget, eller leiar i lokallaget for å høyre kva SV i kommunen meiner om innstillinga frå fylkeskommunen. Ofte har administrasjonen motsegn til både areal, naturvern, kulturminner og anna, som dei andre partia gjerne vil fjerne, men kor SV ofte vert ståande i mindretal bak administrasjonen sitt framlegg.

Avslutning av gammel fylkestingsperioden, saker viktig for vårsesjonen, Ntp og papirlause, årsdisponeringen.

KS: Over fleire år har SV levert framlegg til KS sitt tariffnotat når det har vore til behandling i fylkesutvalet. I etterkant av lærarstreiken hausten 2022 var det ekstra merksemd på formuleringane frå fylkesutvalets handsaming og i år fekk vi i allefall ei politisk behandla og skrive fråsegn, der SV var med å jobba fram formuleringar.

Fylkestinget

Fylkesordførarens tale og generaldebatt:

Fylkestinget opnar alltid med fylkesordførarens tale og SV har vore aktiv i debatten. I mars diskuterte ein formueskatt og oppdrettskatt, og om det var ein vestland fiendtleg forslag om auka skattlegging frå regjeringa. På sommartinget i Loen holdt Marianne et innlegg til støtte for Sirwan, som blei sendt ut av Norge etter 18 år. På Austevoll sitter det nå to små gutter som er frarøvet kontakten med sin far. Innlegget var en oppfølging av støttemarkeringen som ble holdt på Torgalmenningen i Bergen, i mai. Innlegget ble filmet og etterpå lagt ut på sosiale medier. Det fikk enorme respons, inkludert en varm takk frå Sirwan. Saken har

dessverre ikkje fått en ny løysing, men vi held kontakten med både Sirwan og familien her på Austevoll, og gir ikkje opp før familien er gjenforent.

Interpellasjonar

- Bekymring for sjukehusa i Vestland
Marianne Sæhle (desember)
- Styrk den offentlege tannhelsetenesta
fyrst – Marthe Hammer (mars)
- Kollektivprisar der toget er tilbodet -
Marthe Hammer (juni)

Spørsmål i fylkestinget

- Programvare på nynorsk – Hege Lothe
(november)
- Markering av Jon Fosses Nobelpris –
Hege Lothe (november)

I tillegg kjem ei rekke spørsmål i utvala.

Reglementet for økonomisk godtgjersle

Ei stor og viktig sak er økonomisk godtgjersle til dei folkevalde. For SV har det vore viktig å hindre auke i politikargodtgjeringane, og aller helst redusere dei. Sjølv om vi ikkje fekk fleirtal for å redusere satsen så mykje som ein skulle ønska, så reduserte ein faktisk satsen for godtgjeringane. Ein trudde også at ein hadde lagt inn ein klausul som skulle hindre at ikkje politikarar i fylkestinget som også heva full godtgjering som for eksempel ordførar i kommunen, skulle bli dobbelt betalt, men hausten har vist at Frp sine to ordførarar i Stord og Bjørnafjorden vel å nytte dei smutthull som ein kan, og får derfor dobbel godtgjering. Diverre vart fleirtalsforslaget frå SV og Raudt om å revidere reglementet i desember avvist at dei andre partia.

Budsjettet

Det er alltid hektisk å få det fyrste budsjettet på plass etter ein valkamp. Mange politikarar er nye og mange saker har vore forseinka. Også i koalisjonen har det vore behov for å bli kjent og vite kva ein skal ta omsyn til når det

kjem til budsjett. Framlegget frå administrasjonen var i utgangspunktet svært vanskeleg med føreslegne kutt i Sunnhordlandsruta, ferja Kinsarvik-Utne og kutt i busstilbodet i både distrikt og by på fleire titals millionar. Meldinga frå økonomiseksjonen var at samferdslebudsjettet ligg langt frå økonomisk balanse. Ein måtte derfor nytte heile budsjettprosessen til å finne pengar og få med seg heile koalisjonen på å trosse fylkesdirektørens forslag om kraftige kutt, og oppretthalde tilbodet. For Bergen sitt busstilbod, inkluderte det å få fram i lyset at det ligg ubrukne midlar i miljøløftet som ein kan be om og planlegge med, i staden for å kutte storstilt. Gruppeleiaren var nok svært tydeleg i sin budsjettale til administrasjonen. Fylkestinget vedtok også eit vesentleg mindre kutt på dei vidaregåande skulane enn fylkesdirektøren foreslo.

Også dette året har vi klart å få litt auke til Robin Hood huset, sikre helsesenter for papirlause, og vidareføre tannhelsetilbodet til papirlause. Vi har også vore med å sikre midlar til Nyskapande aktivitetsanlegg på Olsviksåsen vidaregåande skole.

Organisatorisk

Det store fokuset i 2023 har vore førebuing til valkamp, gjennomføring av valkamp og forhandlingar og konstituering etter valkamp.

Som følge av valet har vi fått fleire frikjøpte posisjonar. Marthe Hammer er i praksis frikjøpt på heiltid frå fylkeskommunen, med sine 85% frikjøpt, dette som ein direkte konsekvens av vervet i fylkesutvalet (50%), gruppeleiar (35%). I tillegg har vi denne perioden Åsmund Berthelsen frikjøpt 70% som leiar i utval for opplæring og kompetanse. Ein har derfor i valet gått opp frå ein heiltidsfrikjøpt til to frikjøpte på heiltid.



Figur 4: Fylkesting i Stryn med skulebesøk og med vara Rafael Cobo Garrido

I 2023 har vi fått ny fylkessekretær, Aslak Owren, som fekk ein svært travel vår, sommar og tidlighaust med kommunevalkamp og fylkestingssvalkamp, deretter nytt fylkesting og nye budsjettforhandlingar i ny periode. Vi er svært nøgd med å ha Aslak, og også Sigrid Sandal som organisasjonskonsulent, på laget, og gler oss til vidare samarbeid.

Fylkestingsgruppa har i tillegg i 2023 hatt Natasha Alijeva tilsette som formgjevar i valkampen. Vi set veldig stor pris på den avgjerande innsatsen ho gjorde for å få laga fellesmateriell for fylkestingsgruppa og lokallaga.

Fylkestingsgruppa i media

Den viktigaste hendinga for fylkestingsgruppa var sjølvstekt valkampen. Det vart nedsatt ei valkampgruppe med mellom anna dei fem fyrste kandidatane med tilhøyrande valkampstrategi. Bodskalet var å vise SV som eit raudt og grønt parti med fokus på fylkeskommunen sine saker. Grønt gjennom klimavennleg samferdsleutbygging, kollektiv, rassikring og nei til motorvegar, nullutslepp og bevaring av natur. Dei raude sakene er rettferdig og lik tilgang til vidaregåande utdanning og fronte tannhelsereforma som ei

viktig sak for folk og som SV kjempar fram. Fylkestingsgruppa forsøker å vere aktiv og synleg i media, både tradisjonelle media, radio, TV og aviser, og i sosial media. Vi forsøker også å stille på demonstrasjonar og arrangement når vi vert invitert, og synleggjere SV i saker som er viktige for folk. Vi har også i året som har gått tatt fleire kaffekoppar med aktuelle personar, utan at det nødvendigvis vert ein post på facebook eller eit medieoppslag, men som er viktig for å få auka kunnskap, breie ut nettverk og få fleire innspel og kontaktar.

Uttrekk frå Retriever ligg som vedlegg til årsmeldinga for dei fem faste representantane, og dette viser eit betydeleg tal presseoppslag i både året som heilskap og valkampen særskild. Denne viser primært medieutspel med utgangspunkt i redaksjonar som har kontor her i Vestland:

Marthe Hammer: Omtalt i 325 saker.
 Åsmund Berthelsen: Omtalt i 184 saker.
 Marianne Sæhle: Omtalt i 59 saker.
 Alexander Papas: Omtalt i 56 saker.
 Hege Lothe: Omtalt i 135 saker.
 Symphorien Pombe: Omtalt i 26 saker.



Figur 5: Det viktigaste i 2023 var valkampen. Her er bergenskandidatane på fylkestingslista på standsturne i Bergen

Tabell 1: SV sine representantar i folkevalde organ i Vestland 2023 - 2027

Fylkestinget:

Representant – Marthe Hammer (Bergen)
Representant – Åsmund Berthelsen (Sunnfjord)
Representant – Marianne Sæhle (Bergen)
Representant – Alexander Papas (Bergen/Stord)
Representant – Hege Lothe (Gloppen)
vara – Symphorien Pombe (Øygarden)
vara – Anne Skaar (Sogndal)
vara – Asle Olsen (Bjørnafjorden)
vara – Tone Mjelde (Osterøy)
vara – Gaute Losnegård (Askvoll)
vara – Mari Svartveit Hansen (Ullensvang)
vara – Rafael Cobo Garrido (Askøy)
vara – Hlin-Såga Brosvik Kyrkjeøy (Bergen)

**Fylkesutvalet, finansutvalet, planutvalet,
fylkesvalstyret, valnemd:**

Representant – Marthe Hammer
vara – Åsmund Berthelsen
vara – Marianne Sæhle
vara – Alexander Papas

Utval for samferdsle og mobilitet:

Representant - Marthe Hammer
vara – Asle Olsen
vara – Gaute Losnegård
vara – Augusta Moen Opsahl

Utval for opplæring og kompetanse:

Representant – Åsmund Berthelsen (leiar)
Representant – Marianne Sæhle
vara – Rafael Cobo
vara – Hlin-Såga Brosvik Kyrkjeøy
vara – Åge Rosnes
vara – Torunn Olsnes

Utval for kultur, idrett og inkludering

Representant – Alexander Papas
vara – Symphorien Pombe
vara – Anne Skaar
vara – Tone Mjelde

Utval for næring:

Representant – Hege Lothe
vara – Mari Svartveit Hansen
vara – Steinar Øydvin
vara – Vivian Midtbø

Tabell 2: Vestland SV sine representantar i styrer, råd og utval i perioden 2023 - 2027

Baroniet i Rosendal/Den Weis-Rosenkroneske Stiftelse – Styret: Medlem: Silje Nordtvedt Olsen

Stiftelsen Bymuseet i Bergen - Styret Varamedlem: Marianne Sæhle

Stiftinga Kystkultur no! - Styret Medlem: Symphorien Pombe

Stiftelsen Museum Vest – Styret Medlem: Rafael Cobo

Utsending til KS landsting: Marthe Hammer

Vara: Åsmund Berthelsen, Marianne Sæhle, Alexander Papas

Stiftinga Nynorsk Kultursentrum – Rådsmedlem: Medlem: Hege Lothe

Stiftinga Røde Kors United World College – Rådet: Representant: Åsmund Berthelsen (leiar i hovudutval for opplæring og kompetanse)

Landsamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) – Vara utsending: Alexander Papa

Distriktsprogramrådet for Vestland Medlem: Alexander Papas

Forum Nye Bergensbanen – Arbeidsutvalet Varamedlem: Marthe Hammer

Samarbeidande kraftfylke – Utsending til årsmøte: Marthe Hammer

Vestland vassregion: Varamedlem: Hege Lothe

Bybanen AS – Styret Medlem: Marianne Sæhle

Interesseselskapet Fjordvegen Rv 13 IKS – Styret Medlem: Marthe Hammer

Teater Vestland AS – Styret Medlem: Hanna Bergljot Oftedal

NDLA: Representantskapet Medlem: Åsmund Berthelsen (leiar i hovudutval for opplæring og kompetanse)

VIGO IKS Representantskapet Medlem: Åsmund Berthelsen (leiar i hovudutval for opplæring og kompetanse)

Bergen Kjøtt AS – Styret Medlem: Marthe Hammer

Skrivekunstakademiet – Styret Varamedlem: Hege Lothe

Griegshallen IKS Representantskapet Medlem: Marthe Hammer

Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen: Medlem: Marthe Hammer

Yrkesopplæringsnemda: Varamedlem: Hege Lothe

Ålfotbreen verneområdestyre: Åsmund Berthelsen kandidat 1

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre: Styremedlem: Hege Lothe

Fagskulen i Vestland Styret: Varamedlem: Hege Lothe

Trafikktryggingutvalet: Medlem: Marthe Hammer
 Vara: Asle Olsen, Gaute Losnegård, Augusta Moen Opsahl (same som i utval for samferdsle)

Administrasjonsutvalet: Marianne Sæhle
 Vara: Åsmund Berthelsen, Marthe Hammer, Alexander Papas

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: 5. Varamedlem: Mari Svartveit Hansen

Klagenemda: Nestleiar: Torunn Olsnes
 Varamedlemmer: Gaute Losnegard, Tone Mjelde, Asle Olsen

(Fylkeseldrerådet: Kjellbjørg Lunde, vald inn for LOP vara: Åge Rosnes)

Regionalt bustadforum: Marthe Hammer, leiar (Ikkje gjort nyval enno)

Tabell 3: SV sin representasjon i fylkesting, fylkesutval og utval 2019 – 2023 - justert

Fylkestinget:

Representant – Marthe Hammer (Bergen)
 Representant – Åsmund Berthelsen (Sunnfjord)
 Representant – Symphorien Pombe (Øygarden)
 Representant – Marianne Sæhle (Bergen)
 vara – Aud Kari Isane (Sogndal)
 vara – Jeffrey Meijer (Bremanger)
 vara – Ingrid Rekkavik (Bergen)
 vara – Rafael Garrido (Askøy)

Utval for miljø og samferdsel:

Representant - Marthe Hammer (nestleiar)
 vara – Thor Olav Iversen
 vara – Gaute Losnegård
 vara – Hege Lothe

Utval for opplæring og kompetanse:

Representant – Åsmund Berthelsen (nestleiar)
 vara – Jeffrey Meijer

vara – Torunn Olsnes (Bergen)
vara – Steinar Øydvin (Sogndal)
vara – Anne Britt Sørensen (Bømlo)

**Fylkesutvalet, finansutvalet, planutvalet,
fylkesvalstyret, valnemd:**

Representant – Marthe Hammer
vara – Åsmund Berthelsen
vara – Symphorien Pombe
vara – Marianne Sæhle

vara – Torunn Olsnes
vara – Birgitte Holmefjord Olsen Skibenes

Utval for kultur, idrett og inkludering

Representant – Symphorien Pombe
vara – Aud Kari Isane
vara – Rafael Garrido
vara – Signe Ekeland

Utval for næring, naturressurs og innovasjon:

Representant – Marianne Sæhle
vara – Steinar Øydvin
vara - Anne Britt Sørensen
vara – Torbjørn Taranger

Tabell 4: SV sin representasjon i styrer, råd og utval 2019-2023 – med justering

Baroniet i Rosendal/Den Weis-Rosenkroneske Stiftelse – styret: Medlem: Signe Ekeland

Stiftelsen Bymuseet i Bergen - styret Medlem: Gina Barstad

Stiftinga Kystkultur no! - Styret Medlem: Symphorien Pombe

Stiftelsen Museum Vest – styret Medlem: Aud Karin Oen

Stiftinga Norsk Country-treff – styret: Personleg varamedlem: Marianne Sæhle

Stiftinga Nynorsk Kultursentrum – rådsmedlem: Medlem: Hege Lothe

Stiftinga Røde Kors United World College – rådet: Vararepresentant: Åsmund Berthelsen (nestleiar i hovudutval for opplæring og kompetanse)

Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter – styret: Kandidat 3: Jeffrey Meijer

Distriktsprogramrådet for Vestland Varamedlem: Aud Kari Isane

Forum Nye Bergensbanen – Arbeidsutvalet Varamedlem: Marthe Hammer (nestleiar i hovudutval for samferdsel og mobilitet)

Kristoffer Lehmkuhls Fond til fremme for Norsk Næringsliv Varamedlem: Marianne Sæhle

Rallarvegrådet Medlem: Marthe Hammer

Beredt AS – styret Varamedlem: Rafael Cobo

Bybanen AS – styret Medlem: Marianne Sæhle

Carte Blanche AS – styret Varamedlem 3: Marthe Hammer

Teater Vestland AS (Sogn og Fjordane Teater) – styret Varamedlem 1: Hanna Bergljot Oftedal

Trivselshagen IKS Personleg varamedlem: Åsmund Berthelsen

VIGO IKS Representantskapet Personleg varamedlem: Åsmund Berthelsen (Nestleiar i hovudutval for opplæring og kompetanse)

Grieghallen IKS Representantskapet Medlem: Marthe Hammer

Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen: Varamedlem: Marthe Hammer

Yrkesopplæringsnemda: Varamedlem: Åsmund Berthelsen

Etikkutvalet i Vestland fylkeskommune Medlem: Symphorien Pombe

KODE Kunstmuseer og komponisthjem Varamedlem: Symphorien Pombe

Ålfotbreen verneområdestyre: Åsmund Berthelsen

Nasjonal rassikringsgruppe Vararepresentant: Marthe Hammer

Nordsjøkommisjonen - Tematiske grupper Klima og energi Vara: Soukaina Legdani

Klima- og miljøpris 2020 - Innstillingsnemnd Leiar: Marthe Hammer

Fagskulen i Vestland: Varamedlem: Marianne Sæhle

Trafikktryggingsutvalet: Nestleiar: Marthe Hammer

Administrasjonsutvalet: Åsmund Berthelsen

Utsending til KS landsting: Åsmund Berthelsen

Klagenemda: Torunn Olsnes, Nestleiar

(Fylkeseldrerådet: Kjellbjørg Lunde, vald inn for LOP)

Vestlandsrådet: 2.vara Marthe Hammer

